



Innlandet
fylkeskommune

Saman om eit tryggare fylke


Regional plan for samfunnstryggleik

**Vedtatt av fylkestinget
14. juni 2023**

Regional plan for samfunnstryggleik

Den regionale planen for samfunnstryggleik har fått namnet:
Saman for eit tryggare fylke

Fylkesordfører Even Aleksander Hagen oppsummerer planen i denne videoen:



Innholdsfortegnelse

[Om regional plan for samfunnstryggleik \(2023–2035\)](#)

[Del 1 Bakgrunnen for og mål med planen](#)

[1.1 Kva er ein regional plan?](#)

[1.2 Kvifor ein regional plan for samfunnstryggleik?](#)

[1.2.1 Regional plan samfunnstryggleik bygger på fleire dokument](#)

[1.2.2 To nasjonale utgreiingar](#)

[1.3 Eit oppdatert risiko- og sårbarheitsbilete for fylket ligg til grunn](#)

[1.4 Mål for arbeidet med samfunnstryggleik i Innlandet](#)

[1.5 FN sine berekraftsmål](#)

[Del 2 Kva er samfunnstryggleik og beredskap?](#)

2.1 Heilsapeleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik

2.2 Arbeidet med samfunnstryggleik må bli sett som ei kjede

2.3 Samfunnet sine kritiske funksjonar

2.4 Totalforsvaret

2.5 Kven har ansvaret for kva? Aktørskildring

2.6 Tilgjengelege ressursar i Innlandet

Del 3 Kva kan ramme oss i Innlandet?

3.1 Det regionale risikobiletet - eit samandrag

3.2 Naturfare og klimaendringar

3.2.1 Innlandet er ikkje skåna for naturfarar

3.2.2 Klimaendring gir hendingar på nye stader og andre tider av året (klimarisikoene aukar)

3.2.3. Vi må ta i bruk eksisterande og framskaffe ny kunnskap

3.3 Matproduksjon og sjølvforsyning

3.3.1 Innlandet er Noreg sitt matkammer

3.3.2 Produksjons- og forsyningskjeda for mat er kompleks

3.3.3 Vi må ta vare på matjorda

3.3.4 Vi må utnytte areala, tilpasse oss eit klima i endring og ta vare på produsentane

3.4 Allmennfarleg smittsam sjukdom og smittevern

3.4.1 Utbrot av allmennfarlege smittsame sjukdommar i Innlandet

3.4.2 Heilsapeleg arbeid med smittevern i Innlandet

3.4.3 Kva lærte Innlandet av koronahandteringa?

3.4.4 Redusert og meir rett bruk av antibiotika

3.4.5 Kva er dei største truslane i Innlandet?

3.4.6 Innlandet har sterke fagmiljø

3.5 Digital infrastruktur og kraftforsyning

3.5.1. Breiband med høg fart i heile Innlandet

3.5.2. Samfunnet er avhengig av ei sikker kraftforsyning

3.6 Cyber- og informasjonstryggleik

3.6.1 Cyberangrep mot Noreg betyr cyberangrep mot Innlandet

3.6.2 Tilstrekkeleg kompetanse er avgjerande

3.6.3 Innlandet har sterke kompetansemiljø

3.7 Drikkevatin og avløp

3.7.1 Halvparten av oss får drikkevatin fra grunnvatn

3.7.2 Vi må sikre drikkevasskjeldene og sørge for reservevatin

3.7.3 Leidningsnettet er omfattande og har varierande kvalitet

3.7.4 Vi har mange små reinseanlegg i Innlandet

3.7.5 Slam som ressurs

3.8 Transport på veg og bane

3.8.1 Infrastrukturen er utsett for naturfare og klimaendringar

3.8.2 Vidare utbygging av infrastruktur er viktig

3.8.3 Meir godstransport på bane

3.9 Reiseliv og deltidssinnbyggjarar

3.9.1 Innlandet har flest hytter i landet og er eit viktig reiselivsfylke

3.9.2 Det kan bli meir krevjande å tilby tenester og tryggleik til deltidssinnbyggjarane

3.9.3 Innlandet har viktige kompetansemiljø

3.10 Forsvaret og sivilt-militært samarbeid

3.10.1 Innlandet er eit forsvarsfylke

3.10.2 Samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunn i Innlandet

3.10.3 Vi bør vidareføre og auke samarbeidet i Innlandet

3.11 Meir informasjon om den einskilde kommunen

Del 4 Korleis skal vi møte utfordringane?

4.1 Strategiar for å nå måla

4.2 Korleis følger vi opp planen?

4.3 Tiltak

Vedlegg

Om regional plan for samfunnstryggleik (2023–2035)

Vårt felles prosjekt er å bygge Innlandet og ta i bruk mogelegheitene på tvers av kommunegrenser, forvaltningsnivå og sektorar.

Regionalt planarbeid er forankra i Innlandsstrategien, vedtatt av fylkestinget 23. september 2020. Innlandsstrategien gir retning for prioritert politikk for perioden 2020–2024.

Regional plan for samfunnstryggleik er ein av tre nye regionale planar i Innlandet denne perioden. Planen skal bidra til å vidareutvikle og gjere arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap tydelegare. Ansvar og roller i arbeidet ligg fast.

Samfunnstryggleik er samfunnet si evne til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggande verdiar og funksjonar og set liv og helse i fare.

Beredskap er planlegging og betring av tiltak for å handtere uønskte hendingar på best mogeleg måte etter at dei har skjedd.

Risiko er ein kombinasjon av sannsynet for at ei (uønska) hending inntreff og konsekvensane av hendinga. Sårbarheiter er manglar eit system har til å tåle påkjenningar og stress, som kan føre til skader og tap.

Fylkesutvalet vedtok 29. november 2022 å legge forslag til plan ut på høyring. Høyringsfristen var 3. mars 2023.
Du kan lese sakspapira og protokollen her - PS 139/2022.

Vi fekk 56 innspel til forslaget. Desse er no gått gjennom, vurdert og planen er revidert. Regional plan for samfunnstryggleik vart vedtatt i fylkestinget 13. juni 2023.

Du kan lese sakspapira her - PS 31/2023.



Storm i Valdres 2021.

Foto: Hedalen.no/Arne Heimestøl.

Del 1 Bakgrunnen for og mål med planen

Risikobiletet er i endring og Innlandet vert påverka av hendingar både lokalt, nasjonalt, i Europa og i verda elles.

Dei siste åra har vore prega av eit klima (gjennomsnittleg vær over tid) i endring, pandemi (rammar svært mange menneske og sprer seg over store deler av verda) og seinare energimangel og krigen i Ukraina med dei konsekvensane det har, òg for oss i Innlandet. Vidare har hendingar som skred, flaum og brukollaps treft oss.

Vi kan ikkje føreseeie og unngå alle uønskte hendingar. Det vi kan gjere er å bygge eit robust samfunn, gjere gode risikovurderingar og etablere eit enda betre samarbeid på tvers av forvaltningsnivå, fag og organisasjonar. Det er dette denne planen skal bidra til.

Må planlegge for endring i risikobiletet

Innlandet er i hovudsak, og skal framleis vere, ein god plass å bu, leve og besøke, både i bygd og by. Samstundes kan vi ikkje unngå at uønskte hendingar vil treffen oss i framtida.

Vi må planlegge for eit risikobilete i endring, der klimaendringar, internasjonale konfliktar og tilsikta hendingar (uønskte hending forårsaka av ein aktør som handlar med hensikt) kan påverke og gjere skade på samfunnet og infrastrukturen vår.

I denne planen blir infrastruktur definert som faste anlegg og system som er nødvendige for at ei verksemnd eller eit samfunn skal fungere. Dette er til dømes vegar, hamner, flyplassar, telekommunikasjon, leidningsnett med meir.

Langsiktig perspektiv

Vi må bygge eit robust samfunn der vi samarbeider godt for å minske risikoene for at uønskte hendingar skal skje og for at konsekvensane blir minst mogeleg.

Eit langsiktig perspektiv er nødvendig, i ei tid som krev handtering av hendingar her og no. Regional plan for samfunnstryggleik har eit tidsperspektiv på 12 år, fram til 2035.

Det eneste vi med sikkerhet kan si om framtida, er at vi ikke vet hva den bringer. Hva som skjer i morgen, om et halvt år og om tjue år, aner jeg ikke. (...) Poenget mitt i alt dette, er at til tross for at vi ikke kan spå framtida, kan vi være i forkant av den. Vi kan ta med oss det positive fra nåtida, og vi kan se på det som kan gjøres bedre, og endre det. På den måten vil vi være bedre rusta til å håndtere framtiden, uansett hva som måtte skje.

Bidrag til skrivekonkurranse for ungdom 2021, Mariann Beausire (18), Ringsaker.

1.1 Kva er ein regional plan?

Regional plan er eit reiskap for god samfunnsplanlegging og samordning av tiltak på tvers av kommunegrenser og verksemder i Innlandet. Den gir retninga for arbeidet med samfunnstryggleik i Innlandet fram mot 2035.

Innlandet har 46 kommunar med mange felles, men òg ulike moglegheiter og utfordringar frå by til bygd. Planen er eit dokument som kommunane, fylkeskommune, statlege aktørar, næringsliv og ulike organisasjonar skal bruke for å auke samarbeidet på tvers, og bidra til eit koordinert arbeid med samfunnstryggleik i Innlandet. Planen legg opp til ein politikk som i stor grad kan tilpassast lokale omstende og behov i kommunane.

Denne planen vektlegg det førebyggande aspektet, og er ingen operativ beredskapsplan.

Planen endrar ikkje ansvar og roller i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap slik dei kjem fram av ei kvar tid gjeldande lov, forskrift og prinsipp.

Planen er utarbeida i tråd med Plan- og bygningslova, kapittel åtte, regional plan.

Regional plan for samfunnstryggleik erstattar tidlegare planar for Hedmark og Oppland fylkeskommunar.

1.2 Kvifor ein regional plan for samfunnstryggleik?

Innlandssamfunnet skal samarbeide for å redusere sannsynet for at uønskte hendingar skjer og finne løysningar for korleis konsekvensane kan reduserast når noko skjer.

Regional plan for samfunnstryggleik bygger på ei erkjening av at erfaringsoverføring og deling av kunnskap er ein viktig del av arbeidet med samfunnstryggleiken. Gjennom samhandling og øving på mogelege hendingar, er vi betre rusta til å møte utfordringane når dei kjem.

Planen skal bidra til å auke merksemda og generell kunnskap om risikoforholda i Innlandet.

Planprogrammet for arbeidet med denne regionale planen vart vedteke av fylkesutvalet i juni 2021.

Planprogrammet fastset hovudtema for planen.

Heile planprogrammet kan du lese her (PDF, 3 MB)

1.2.1 Regional plan samfunnstryggleik bygger på fleire dokument

Regionalt planarbeid er forankra i Innlandsstrategien, vedtatt av fylkestinget 23. september 2020. Strategien byggjer på FN sine 17 berekraftsmål, og gir retning for prioritert politikk fram til 2024.

Arbeidet med denne regionale planen tek òg utgangspunkt i fleire nasjonale og regionale retningslinjer og dokument. Desse utgjer til saman eit rammeverk for planen. Du kan sjå oversikt over dokumenta i vedlegg til denne planen.

Innlandsstrategien kan du lese her

1.2.2 To nasjonale utgreiingar

Det har gått føre seg to nasjonale utgreiingar parallelt med planarbeidet. Desse er relevante for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap framover:

- **Totalberedskapskommisjonen**, som skal vurdere korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogeleg. Utvalet skal levere arbeidet sitt i juni 2023.
- **Forsvarskommisjonen**, har vurdert vegval og prioriteringar Noreg kan ta for å ivareta norsk tryggleik. Utvalet leverte arbeidet sitt 3. mai 2023. Dei tilrår ei kraftig auke i forsvarskapasitet saman med ei vidareutvikling og forsterking av sivilt-militært samarbeid.

[Les rapporten NOU 2023:14, Forsvarskommisjonen av 2021-Forsvar for fred og frihet](#)

Planen tek høgde for at det kan bli behov for revisjon av tiltaka i planen som følge av funn i utgreiingane.

1.3 Eit oppdatert risiko- og sårbarheitsbilete for fylket ligg til grunn

Statsforvaltaren skal ha oversikt over risiko- og sårbarheitene i fylket ved å utarbeide ei risiko- og sårbarheitsanalyse (FylkesROS).

I 2022 føreligg det ei oppdatert analyse for Innlandet. Denne er planen sitt viktigaste kunnskapsgrunnlag. Analysen er ei sjølvstendig fagleg vurdering der beredskapsaktørane i Innlandet har medverka. Tema i analysen er samanfallande med tema i planen.

Med utgangspunkt i FylkesROS har Statsforvaltaren òg utarbeidd ein plan for oppfølging. Denne er fireårig og vil bli oppdatert årleg. Dette dannar grunnlaget for beredskapsplanar og øvelsesscenario i fylket dei neste åra.

Tiltak frå FylkesROS inngår i handlingsdelen til den regionale planen.

[Du kan lese heile FylkesROS-rapporten her.](#)

1.4 Mål for arbeidet med samfunnstryggleik i Innlandet

Målet er å sikre Innlandet i ei framtid der vi opplev eit skiftande trusselbilete, klimaendringar og stor mobilitet i befolkninga.

I 2035 har vi oppnådd:

1. Vi bur trygt i heile Innlandet

+

Det er mogeleg å bu og besøke heile Innlandet. Samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet tek omsyn til Innlandet sin demografi, busetnadsmønster og regionale skilnader. Innlandet sine innbyggjarar, offentlege etatar og organisasjonar har god eigenberedskap og relevant kunnskap om beredskapssystemet.

2. Vi er førebudde

+

Innlandet er godt rusta til å handtere uønskte hendingar. Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Innlandet bygger på oppdaterte risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS-analyser) og beredskapsplanar. Samanfallande hendingar blir ivaretekne i analyser og planar.

Innlandet har eit oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag om aktuelle faktorar som kan påverke samfunnstryggleiken og beredskapen. God samfunnstryggleik sikrast blant anna gjennom planlegging etter plan- og bygningslova. ROS-vurderingar av god kvalitet inngår i all planlegging.

3. Vi lærer, deler og bidreg

+

Innlandet bidreg med eigne fortrinn og styrker inn i lokalt, regionalt og nasjonalt arbeid med samfunnstryggleik. Dette gjeld både i eit førebyggjande og i eit operativt perspektiv.

Beredskapsaktørane i Innlandet samarbeider godt om risikovurderingar, planlegging, øvingar og kompetanseuke. Kompetansemiljøa i Innlandet bidreg til vidareutvikling, innovasjon og kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt.



Figur 1.1. Figuren syner planen sin oppbygging med mål, strategiar og tiltak.

1.5 FN sine berekraftsmål

FN har vedtatt 17 mål for berekraft. Måla gjeld for alle land og er verda sin første felles plan for å løyse dei store globale problema. Innlandsstrategien legg grunnlaget for oppfølging av måla.

Regional plan for samfunnstryggleik prioriterer i hovudsak arbeidet med måla i figuren under. Vi legg mål 17, samarbeid, til grunn i planen.



Figur 1.2 Åtte berekraftsmål ligg til grunn. Utrydde svolt, god helse og livskvalitet, reint vgn og gode sanitærforhold, industri, innovasjon og infrastruktur, berekraftige byar og lokalsamfunn, stoppe klimaendringane, fred, rettferd og velfungerande institusjonar, samt samarbeid for å nå måla.

Berekraftsarbeidet har tre dimensjonar som alle er relevant i denne planen:

- Klima og miljø - tilpassing til eit klima i endring.
- Økonomi - ivareta institusjonar og verdiar.
- Sosiale forhold - ivareta befolkninga sine grunnleggjande behov og tryggleik.

[Les meir om FN sine berekraftsmål her](#)

Del 2 Kva er samfunnstryggleik og beredskap?



I denne delen finn du ein introduksjon til fagområdet, omtale av nasjonale prinsipp for arbeid med samfunnstryggleik og ei omtale av aktørane med ansvar og roller.

2.1 Heilsakeleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik

Noreg er eit velorganisert land og samfunn. Samfunnstryggleik blir ivareteke i mange ledd, på tvers av organisasjonar og forvaltningsnivå. Sektoransvaret er gjeldande og står sterkt.

Det er få alvorlege hendingar som berre har konsekvensar i ein sektor. Samarbeid, samhandling, informasjon og kommunikasjon på tvers er avgjerande for å ivareta samfunnstryggleiken. Tillit mellom aktørane og til myndighetene er nødvendig.

Tillit skapes ikke av enkeltpersoner, politikere eller institusjoner alene. Det skapes av oss alle – i fellesskap.

HKH Prinsesse Ingrid Aleksandra, juni 2022.

2.2 Arbeidet med samfunnstryggleik må bli sett som ei kjede

Samfunnstryggleik i ei usikker verd (Stortingsmelding 5, 2020-2021), skildrar arbeidet med samfunnstryggleik som ei kjede:

Førebygging

+

Det handlar om å sette i verk tiltak for å redusere mogelegheitene for at uønskte hendingar skal skje og/eller redusere konsekvensane av ei mogeleg hending.

Beredskap

+

Det handlar om å planlegge og førebu tiltak som styrkar evna til å handtere uønskte hendingar, med føremål om at skadeomfanget skal bli minst mogeleg. Øvingar gir kunnskap om eigne ferdigheter, prosedyrar, ressursar og korleis andre aktørar arbeider.

Handtering

+

Det handlar om å omsette beredskapen til innsats og samvirke. Tida er ofte kritisk. God handtering føreset at dei som skal handtere krisa har tilstrekkelege og nødvendige ressursar og fullmakter. Samarbeid mellom aktørar er særleg viktig ved komplekse hendingar.

Gjenoppretting

+

Det handlar om evna til å gjere tapte funksjonar verksame att etter ei hending. Det vil seie å gjenopprette ein normalsituasjon. Høg gjenopprettingskapasitet bidreg til å auke samfunnet sin motstandskraft og toleevne.


Læring

+

Læring etter øvingar og hendingar er viktig for å betre evna til å handtere framtidige hendingar. Det er sett krav til oppfølging av funn frå hendingar og øvingar innan området i sivil sektor i statleg forvaltning.

Statsforvaltaren evaluerer større regionale hendingar og kan òg bistå med å evaluere mindre hendingar i kommunane.

I alle ledd av kjeda er kunnskapsoppbygging og tilpassing til endringar, i risiko- og sårbarheitsbiletet ein integrert del av arbeidet.



Figur 2.1 Arbeid med samfunnstryggleik som ei kjede (Meld. St. 5, 2020-2021). Denne planen har eit førebyggande perspektiv og omhandlar førebygging, læring og kunnskap.

Prinsipp for arbeidet med samfunnstryggleik i Noreg

Det er fire grunnleggande prinsipp for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Desse prinsippa gjeld òg for risiko- og kriekommunikasjon (krise er ei hending som har eit potensial til å true viktige verdiar og svekke ei verksemd si evne til å utføre sin samfunnsfunksjon (NOU 2000: Eit sårbart samfunn).

Kriespekteret inneheld uønska hendingar frå ein fredssituasjon, via tryggleikspolitisk krise til væpna konflikt.

Ein organisasjon som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, har òg ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtere ekstraordinære hendingar innan same området. Styresmakta som har ansvar for krisehandteringa, har òg ansvar for krisekommunikasjonen.

Likskapsprinsippet

+

Den organisasjon ein opererer med under kriser skal i utgangspunktet vere mest mogeleg lik den organisasjonen ein har til dagleg.

Nærleiksprinsippet

+

Kriser skal organizerisk handterast på lågast mogelege nivå.

Samvirkeprinsippet

+

Styresmakter, verksemder og etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogeleg samarbeid med relevante aktørar og verksemder. Dette gjeld i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

(Kjelde: dsb.no)

2.3 Samfunnet sine kritiske funksjonar

Funksjonar som er nødvendige for å ivareta befolkninga og samfunnet sine grunnleggande behov, som mat, vatn, varme og tryggleik, blir definert som samfunnet sine kritiske funksjonar.

14 tenester er definert som kritiske

I rapporten til DSB «Samfunnets kritiske funksjoner» frå 2016 finn vi 14 tenester som befolkning og samfunnet sine grunnleggande behov er avhengig av. Dette er til dømes betalingsløysingar, straumforsyning, tilgang på mat og drikkevatn, EKOM og varslingssystem.

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) peikar i den årlege risikovurderinga si, på samfunnet sin auka avhengigheit og sårbarheit i forsyningssystem. Dette gjer at verdien av desse funksjonane veks parallelt.

I ein mangelsituasjon, enten feilretting eller manglande innsatsfaktorar, vil ein prioritere tilgang og ressursar på bakgrunn av samfunnsfunksjon. Det er difor viktig å ha kartlagt eigne funksjonar og kva desse er avhengige av. Desse funksjonane blir definert som samfunnskritiske (KIKS) og blir lagt til grunn for risikovurderingar og planlegging av beredskapsressursane.

Samfunnskritisk personell

Personell som arbeider innan samfunnskritiske funksjonar eller infrastrukturar bør sikre at dei samstundes ikkje er planlagde inn i andre tenester, som til dømes Heimevern eller frivillige ressursar som Røde kors eller Norsk folkehjelp.

Funksjonane blir delt inn i tre ulike kategoriar: styringsevne og suverenitet, befolkninga sin tryggleik og samfunnet sin funksjonalitet. Det pågår per 2023 arbeid med revidering av funksjonane i regi av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).



Figur 2.2 Samfunnet sine kritiske funksjonar (DSB, 2017)

Forklaring til figur 2.2 - samfunnet sine kritiske funksjonar

+

Behova til befolkninga og samfunnet inneber vern om tryggleiken til befolkninga.

Styringsevne og suverenitet inneber territoriell og styringsmessig integritet. Oppretthalde styringsaktivitetar og evne til å møte ekstraordinære situasjonar.

Tryggleiken til befolkninga omhandlar vern mot død, fysisk skade eller sjukdom, tap av demokratiske rettar og personleg integritet, tap av eller skade på livsmiljøet, eigedom eller materielle verdiar.

Funksjonaliteten til samfunnet handlar om kontinuitet i forsyningar og infrastruktur-baserte tenester.

Du kan lese meir om samfunnet sine kritiske funksjonar her.

EylkesROS (2022-2026)

2.4 Totalforsvaret

Totalforsvaret er ei felles nemning for det militære forsvaret og den sivile beredskapen i Noreg. Begrepet inneber gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebygge, planlegge for, og handtere kriser i fred, tryggleikspolitiske kriser, væpna konflikt og krig.

Ansvarsfordeling

Vi har ei arbeidsdeling med solide, både politiske og konstitusjonelle røter, for kva som er sivilt og militært ansvar i Noreg:

- Regjeringa har det øvste ansvaret for å ivareta samfunnstryggleiken og statstryggleiken.
- Sivile myndigheter og aktører har ansvaret for å ivareta samfunnstryggleiken.
- Forsvaret har som primær oppgave å hevde Norge sin suverenitet og norske suverene rettar, i tillegg til å forsvare landet mot ytre angrep som innebærer å ivareta statstryggleiken.

Gjensidig støtte

Sivil og militær beredskap og krisehandtering er gjensidig avhengig av kvarandre, og eit kontinuerleg samarbeid er nødvendig. Sivilt-militært samarbeid er òg viktig for å utnytte samfunnet sine samla ressursar best mogeleg og slik bidra til ein god samfunnsøkonomi.

Som medlem i NATO er Noreg pålagt å dekke sju grunnleggande føresetnader for sivil beredskap. Desse ligg til grunn for vidare planlegging og dimensjonering, mellom anna handtering ved massetilstrøyming av personar på flukt og evne til å handtere situasjonar med masseskadde. Dette må bli sett i samanheng med eksisterande system og lovverk, til dømes mottak og busetting av flyktningar frå Ukraina i 2022/23 der ei rekke krav vart tilpassa situasjonen.

Meir informasjon finn du på NATO sine sider.

Du kan lese meir om totalforsvaret i rapporten [Støtte og samarbeid, en beskrivelse av totalforsvaret i dag](#) (Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, 2018).

To nasjonale utgreiingar som omhandlar dette området er omtala i kapittel 1.2.2.

2.5 Kven har ansvaret for kva? Aktørskildring

Kommunane har eit hovudansvar

+

Kommunane har eit grunnleggande ansvar for å ta vare på befolkninga sin tryggleik, i tillegg til å bidra til at samfunnkskritiske funksjonar kan halde fram. Dette gjeld uavhengig om du bur der, er på besøk eller oppheld deg i eit mottak.

Målet er å bygge trygge og robuste lokalsamfunn gjennom samarbeid mellom offentlege, private og frivillige aktørar. Kommunane har ei lovpålagt beredskapsplikt og er planmyndighet etter plan- og bygningslova.

Som planmyndigkeit har kommunen eit særskilt ansvar for å sikre at tiltak og planar fremmar tryggleik og gir eit sikrare samfunn. Døme på dette er handtering av overvatn og avstand mellom storulykke-verksemder i arealplanlegging og tilpassing til endra risiko gjennom generell samfunnsplanlegging.

Du kan lese meir om kommunane si beredskapsplikt i [rettleiaren frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap](#).

Statsforvaltaren samordnar, koordinerer og fører tilsyn

+

Statsforvaltaren har oversikt over, og samordnar sentrale myndigheter sine krav til, og føringer for kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Dette inkluderer krisehandtering, der Statsforvaltaren sikrar samordning av beredskapsplanar og koordinert handtering. Statsforvaltaren er ansvarleg for Fylkesberedskapsrådet (FBR).

[Les meir om Fylkesberedskapsrådet i Innlandet.](#)

Statsforvaltaren skal òg ha oversikt over risiko og sårbarheita ved å utarbeide ei samla risiko- og sårbarheitsanalyse for heile fylket (FylkesROS). FylkesROS skal ha ei ein tiltaksplan.

Eigaren har eit sjølvstendig ansvar for eigen infrastruktur og funksjon

+

Infrastruktureigarane har eit sjølvstendig ansvar for eigen infrastruktur. Dette gjeld til dømes Bane Nor for jernbanenettet, Statens vegvesen for riks- og europavegar, kommunane for vatn- og avlaupsnettet, fylkeskommunen for fylkesvegane, breibandleverandørar for fast breibandinfrastruktur og mobiloperatørane for basestasjonane sine. Kulturarven er òg viktig å sikre mot uønskte hendingar.

Mange av desse er funksjonar som samfunnet er avhengig av for å fungere, og er nærmare forklart i DSB si rapport om kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar frå 2016.

Ansvaret gjeld heile kjeda for samfunnstryggleik.

Fylkeskommunen har ei viktig samfunnsutviklarrolle og skal bidra til koordinering

+

I tillegg til å eige infrastruktur og vere tenesteytar, har fylkeskommunen òg ansvaret for å sikre og legge til rette for ein nødvendig og regional tilpassa sivil transportberedskap i fylket. Fylkeskommunen har òg eit regionalt oppdrag ved busetting og integrering av menneske på flukt.

Fylkeskommunen har òg ei viktig koordineringsrolle og skal bidra med rettleiing inn i samfunnsutviklingsarbeidet til kommunane.

[Du kan lese meir om dette i Forskrift for sivil transportberedskap.](#)

Frivillige lag og organisasjonar er særskilt viktige

+

Frivillige organisasjonar er svært viktige i beredskapsarbeidet i Innlandet, både i eit førebyggande og eit operativt perspektiv. Aktørar som Røde Kors, Norsk folkehjelp, Alpin redningsgruppe, Kirkens SOS og mange fleire bidreg med avgjerande kunnskap og ressursar.

I februar 2022 var det registrert totalt 9 457 frivillige lag og foreiningar i Innlandet (frivillighetnorje.no). Røde Kors har til dømes i overkant av 3 500 frivillige fordelt på kommunane i Innlandet, medan Norsk folkehjelp har 11 lokallag i Innlandet.

Dersom ein eller fleire hendingar rammar oss, kan det vere mange som treng hjelp samstundes. Det er derfor viktig at vi, i størst mogeleg grad, er i stand til å ta vare på oss sjølv og dei rundt oss.

Kvar og ein av oss er òg ansvarleg for å nytte gode passord og ikkje spreie feilinformasjon, til dømes på internett. Samstundes vil vi ved å vere godt rusta sjølv, kunne bistå andre i ulike situasjonar. Dette gjeld både mellom oss som einskildpersonar og mellom organisasjonar og geografiske einingar. På den måten er kvar og ein av oss ein viktig del av Innlandet og Noreg sin beredskap.

Lokalsamfunnet har ei lang historie med å støtte kvarandre. Når ei hending skjer, kan det like gjerne vere naboen som hjelper deg. Det er difor viktig at vi støtter kvarandre (ei form for kameratredning) framfor å rekne med at det kjem profesjonelle aktørar med ein gong. Dette må ein vurdere opp mot hjelpebehov og eigen tryggleik.

Dette bør du ha heime

Vi kan førebu oss ved å ha mat og utstyr, i tillegg til å tenke over kva vi gjer om noko skulle skje. Til dømes å tenke gjennom kva vi gjer om straumen blir borte over ei lengre periode, korleis vi skal tilkalle snarleg hjelp om telefon og elektronisk kommunikasjon er borte. Og, at vi er kjend med oppmøtestad i eigen kommune.

DSB har utarbeida eit materiale for rettleiing og gode råd til korleis vi kan bygge opp vår eigen beredskap og bidra til ein sikker kvardag i eigen heim.

- 9 liter vatn per person
- to pakkar knekkebrød per person
- ei pakke havregryn per person
- tre boksar hermetikk eller 3 posar tørrmat per person
- tre boksar med pålegg med lang haldbarheit per person
- nokre posar tørka frukt eller nøtter, kjeks eller sjokolade
- medisinar du er avhengig av
- ved, gass eller parafin til oppvarming
- grill eller kokeapparat som går på gass
- stearinlys, lommelykt med batteri eller parafinlampe
- fyrstikkar eller lighter
- varme klede, pledd og sovepose
- førstehjelppakke
- batteridrevne DAB-radio
- batteri, lada batteribank og mobilladar til bilen
- våtserviettar og desinfeksjonsmiddel
- tørke- /toilettpapir
- sanitetsprodukt
- litt kontantar
- ekstra drivstoff og ved/gass/parafin/raudsprit til oppvarming og matlaging
- jodtablettar ved atomhendingar, viss du er under 40 år, gravid, ammande eller har barn som bur heime.

Desse råda finn du på sikkerhverdag.no.

Du kan òg få rettleiing ved å ta kontakt med eigen kommune.



Bilete 2.1 Dette bør du ha heime.

Foto: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Eigenberedskapsveka

Eigenberedskapsveka arrangerast kvart år. Målet er å auke bevisstheita og kompetansen i befolkninga. Dersom du arbeider i ein kommune eller ein organisasjon og ønsker å delta i dette arbeidet, finn du relevant informasjon og materiale på [DSB sine eigne nettsider](#).

Varierande kunnskap om eigen beredskap

Undersøkingar Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har gjort, viser at vi i ulik grad er opptatt av eigenberedskapen: dei som bur på mindre stader har høgare bevisstheit, enn dei som bur i by.

Kvinner er meir bekymra enn menn og unge vaksne er mindre førebudd enn eldre generasjonar (Aftenposten, 25. mars 2022). Ei undersøking frå 2020, viste til dømes at berre tre av ti hadde lagra drikkevatn heime. Dette talet har auka noko fram til 2021 (IPSOS, 2020 og 2022).

Ei befolkningsundersøking gjort av IPSOS i 2022 syner at det er fleire enn fire av ti som oppgir at dei er nokså godt, eller godt, førebudd på å klare seg sjølv i eigen heim om straum, telefon og internett fell ut. Samstundes svarar ein av seks at dei ikkje er førebudd på å klare seg sjølv i eigen heim i minimum tre døgn.

Over halvparten svarer at dei ikkje kjenner til kvar nærmaste tilfluktsrom er, om kommunen har ein fast oppmøtestad for innbyggjarane ved større ulykker/kriser eller har kjennskap til kommunale beredskapsplanar (IPSOS, 2022).

Vidare viser undersøkinga at ein av to kan grunnleggande førstehjelp og at ein av fire har tenkt gjennom kva dei skal gjere om straumen blir borte.

Helse og velferdtenester

+

Private eller offentlege verksemder som tilbyr helse- og velferdstenester skal i tråd med Lov om helsemessig og sosial beredskap, kunne vidareføre, legge om eller utvide drifta ved kriser og katastrofar.

Les meir om kva verksemder som er omfatta i [Lov om helsemessig og sosial beredskap](#).

Verksemder og næringslivet har eit sjølvstendig ansvar for eiga verksemd

+

Alle verksemder skal kartlegge og vurdere alle farar/problem og vurdere risikoen knytt til eige arbeid. Du kan lese meir om dette, og finne rettleiingar på [internettssidene til Arbeidstilsynet](#).

[Tryggleikslova](#) gjeld for statlege, fylkeskommunale og kommunale organ. Lova gjeld òg for leverandørar av varer og tenester knytt til anskaffingar som har tryggleiksgradering.

Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid ([lovdata.no](#)) fastset at verksemder (kommune, stat, fylkeskommune, sjukehus, næringsmiddelkontrollen og vassverk) har plikt til å utarbeide ein beredskapsplan som bygger på ei oppdatert risiko- og sårbarheitsanalyse.

Verksemder (privat eller offentleg) som har, eller brukar, kjemikalier i si verksemd (over forskriftsfesta grenseverdiar i forhold til ei kvar tid gjeldande lovverk) er òg omfatta av [storulykkeforskrifta](#). Verksemda har ansvar for å drive systematisk arbeid for å førebygge og begrense dei konsekvensane ei storulykke kan ha for menneske, miljø og materielle verdiar. [Du kan lese meir om storulykkeforskriften i rettleiaren til DSB](#).

Nasjonale myndigheter har eit overordna ansvar

+

Det nasjonale beredskapsarbeidet legg òg dei fire prinsippa til grunn. Regjeringa har det øvste ansvaret for beredskapen i Noreg, medrekna det overordna politiske ansvaret for styring og handtering av kriser.

Kriserådet er det øvste administrative koordineringsorganet på departementsnivå. Justis- og beredskapsdepartementet er det departementet som leiar og samordnar det sivile ved nasjonale kriser.

Internasjonalt samarbeid er nødvendig

+

Noreg og Innlandet har lang grense til Sverige og det er etablert samarbeid med våre svenske nabo-län gjennom felles samarbeidsavtale for redning, helseoppdrag og felles øvingar.

GrenseROS er ei felles risiko- og sårbarheitsanalyse på tvers av grensa. Denne blir snart revidert og blir eit felles kunnskapsgrunnlag for utfordringar på tvers av grensa. Statsforvaltaren har ansvar for dette. Det blir gjennomført øvingar på tvers av landa, innan dei hendingane som kan ramme oss båe, til dømes flyulykker og skogbrann.

Det er forventa at grensekommunar ser til nabokommunar på svensk side når dei gjennomførar ROS-analysene sine, som grunnlag for beredskaps- og arealplanar.

Noreg er ein del av NATO og samarbeider tett med dei allierte innan forsvar.

Samarbeid i EU og EØS

Sivil beredskap er eit nasjonalt kompetanseområde for EU sine medlemsland. Dette er eit område der EU- og EØS-land har betydeleg interesse i å samarbeide.

EU etablerte i 2001 *EU Civil Protection Mechanism*, EU si ordning for sivil beredskap. Målsettinga er å styrke samarbeidet mellom dei 27 EU-landa og sju andre deltarland, her under Noreg. Målet er å betre førebu beredskap og respons ved alvorlege hendingar. Når ei alvorleg hending skjer, og landet ikkje klarer å handtere dette åleine, kan landet be om om assistanse gjennom den sivile beredskapsmekanismen.

RescEU

I 2019 vart samarbeid oppgradert ved at det såkalla *RescEU* vart etablert, dette for å dekke aukende og nye behov. RescEU er ein reserve av ressursar som kan nyttast ved kriser i medlemsstatane når den nasjonale kapasiteten og den sivile beredskapsreserven ikkje strekk til. Det inkluderer ei flåte av skogbrannfly og -helikopter, luftambulanse med høgsmitte-transportkapasitet for evakuering av pasientar og medisinsk utstyr, i tillegg til feltsjukehus som kan rykke ut i krisesituasjonar.

EU er og i ferd med å bygge opp kapasitet for å kunne respondere på kjemiske, biologiske, radiologiske og atomhendingar.

Korleis kan Innlandet få hjelp?


Innlandet kan få bistand fra RescEU ved skogbrann, atomhendingar og lignande. Hjelpa inkluder òg evakuering av pasientar frå andre europeiske land som er i Innlandet, og evakuering av innbyggjarar i Innlandet som er i ein kritisk helsesituasjon i eit anna europeisk land.

I EU sin strategi for klimatilpassing (2021) står det om EU si ordning for sivil beredskap som kan respondere med kortsiktige tiltak i tilfelle av tørke og flaum. Sistnemde er kanskje mest relevant for Innlandet.

2.6 Tilgjengelege ressursar i Innlandet

Ei rekke større hendingar har vist oss korleis ressursane utover dei ordinære kan spele ei viktig rolle i handteringa. Kjennskap til og oversikt over dei ulike ressursane er sentralt for kommunane. Ved større hendingar må ein rekne med at ressursar må bli prioritert mellom hendingar og stader.

Fylkesberedskapsrådet vil ha ei strategisk sentral rolle i dette. Det er også viktig å ha oversikt over eventuelle dobbeltdisponeringar av ressursar, eksempel på dette er til dømes at lokal brannsjef eller kommunelege også er frivillig i Røde Kors.



Figur 2.3 Døme på aktørar inn i handteringa av ei hending.

Foto: Nasjonalt kompetansesenter fjellredning/Erlend Aarsæther.

Beredskapsaktørane i Innlandet er omtala i eit eige kapittel i FylkesROS. Her ligg oversikt over ansvar og lovheimlar. Du kan sjå denne oversikta i [FylkesROS for Innlandet 2022](#).

Del 3 Kva kan ramme oss i Innlandet?



Her finn du kunnskapsgrunnlaget. Ei samansett forståing er grunnleggande for å lykkast med samfunnstryggleiken i Innlandet. Med bakgrunn i FylkesROS, tilgjengelege kart og rapportar, framstiller vi i denne delen eit situasjonsbilete for ni hovudtema.

Samansett trusselbilete

Truslar og hendingar er samansett. Ei hending kan påverke mange område og funksjonar. Nokre fellestrek i dagens situasjon er at uønskte hendingar kan skje oftare, samtidig og vare lengre (FylkesROS, 2022).

Nasjonale trussel- og risikovurderinger for 2023 synar ei endring i hendingar vi må vere førebudde på å handtere. Der vi tidlegare i stor grad planla og handterte utilsikta ulykker og naturhendingar, må vi no òg sikre oss mot tilsikta sabotasje- og påverknadsoperasjonar.

Avhengigkeit til produksjon, varer og tenester frå andre land eller regionar gjer oss sårbare for brot i forsyningslinjer. I tillegg vil massetilstrøyming av personar kunne utfordre kapasiteten i helse- og integreringstenestene.

Vi må samarbeide godt

For å lykkast i både førebygging og handtering er vi avhengige av eit godt samarbeid på tvers. Frivillige, organisasjonar, etatar og kompetansemiljøa i Innlandet må bidra i arbeidet med kunnskap og metodeutvikling, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Befolkinga sine interesser og behov må synleggjerast og sikrast i dette arbeidet, her under barn, unge og personar med nedsett funksjonsevne.

Innbyggjarane, verksemndene og organisasjonane i Innlandet må etablere ein god eigenberedskap.

Kartportalen som supplement

Det er laga ein kartportal som syner kjend og offentleg tilgjengleg informasjon (temakart) som vi meiner er relevant for planen. På grunn av dagens nasjonale trusselbilete og pågåande diskusjon om grad av offentleg tilgjengeleg informasjon, har vi valgt å ikkje ta inn alle tilgjengelege temakart i kartportalen. Dette er gjort for å ikkje samanstille meir informasjon enn nødvendig.

Dette kartet kan nyttast for seg sjølv, og er eit supplement til planen. Det kan nyttast ved seinare planlegging og beredsskapsarbeid i fylket.

[Gå til temakart her](#)

3.1 Det regionale risikobiletet - eit samandrag

Innlandet fylke dekker eit areal på over 52 000 km². Geografien i Innlandet er variert. Vi har alt frå fjell, varig snø og isdekt areal til bratte fjellsider og frodige dalføre. Vi har òg store område med skog og varierte landbruksområde.

Innlandet har det høgste fjellet i Noreg (Galdhøpiggen), den største innsjøen (Mjøsa) og det lengste vassdraget (Glomma). Andre store vassdrag, som Gudbrandsdalslågen, er i stor grad med på gi form til regionane i fylket.

Innlandet har ei befolkning på om lag 270 000. Vi bur spreidd i heile fylket. Alder, bakgrunn og funksjonsnivå er ulik. Dette må vi òg ta høgde for i arbeidet med samfunnstryggleik.

Annleis risikobilete i ulike område

Naturbaserte skilnader medverkar til at risikobiletet i Innlandet, på einskilde områder, ser annleis ut i dei ulike områda. Skogområda er naturleg meir utsett for skogbrann. Busetnader/infrastruktur og fjellområda i nord er meir utsett for skred. Konsekvensen av langvarig tørke er større i dei områda der matproduksjonen er størst.

Samstundes er det mange fellestrekks. Til dømes har alle regionar infrastruktur av stor nasjonal og/eller regional betydning. Alle regionar har både tett- og spreiddbygde område og heile Innlandet vil bli påverka av klimaendringane eller massetilstrøyming av folk på flukt.

Demografien er i endring

Demografien i Innlandet er i endring. Vi blir fleire eldre og færre yngre. Mange av våre kommunar vil oppleve ein nedgang i befolkningstalet i åra framover. Trenden med sentralisering er venta å fortsette ([innlandsstatistikk](#)).

Kommunane har ansvaret for å ha oversikt over risikobiletet i eigen kommune. Denne regionale planen kan vere eit hjelpemiddel for dette arbeidet i kommunar og regionar, ved at innhaldet tilpassast aktuell situasjon.

Størst verknad knytt til infrastruktur

I Statsforvaltaren sin FylkesROS (2022) ser ein tydeleg at det er hendingar knytt til infrastrukturen vår som gir størst verknad for oss. Vi har vorte avhengig av høg oppetid på mange ulike infrastrukturområder.

Til dømes stiller den aukande bruken av just-in-time-prinsippet i vareleveransene større krav til oppetida på bane og veg (Just-in-time er eit konsept for organisering av vareproduksjon som skal sikre at alle delar som trengs produserast nøyaktig til det tidspunkt det er behov for, og i nøyaktig det tal som er nødvendig på kvart trinn i produksjonsprosessen (Store Norske Leksikon)).

Den auka bruken av elektroniske og digitale løysingar i kvardagen gjer oss sårbar ved bortfall eller svikt i denne type infrastruktur.

Svikt i kraftforsyninga er det scenarioet som har høgst risiko i FylkesROSen. Dette scenarioet skildrar ein kald vinter med knappheit på straum der rasjonering er vedtatt. I dagens energisituasjon er dette eit meir reelt scenario enn det har vore tidlegare. Svikt i kraftforsyninga vil påverke heile samfunnet, og sette store krav til handteringa for å dekke våre grunnleggande behov.

Like høgt i konsekvens, men med mindre sannsyn kjem **storflaum** som fører til store skadar på infrastruktur og påverking av våre daglege liv.

Cyberhending, lausepengevirus mot mange kommunar i Innlandet, har òg høg risiko og vil utfordre kommunane si evne til å tilby tenester til befolkninga.

Dei store hendingane, til dømes **snøskred, terror, skogbrann og atomulykke** utanfor Noreg, kjem ut med lågare risiko. Dette må ikkje føre til at vi ikkje gjer tiltak innan desse risikoområda. Desse scenarioa ligg opp mot «worst case» i eit nasjonalt perspektiv.



Riskobiletet som er skildra i FylkesROS-analysen må ikkje føre til at dette blir ei sovepute. Alle eksisterande tiltak må vedlikehaldast og eventuelt forsterkast.

Svikt i vassforsyninga avvik frå dei andre hendingane knytt til infrastruktur ved å ha låg risiko og konsekvens. Scenariet analyserte ein sterk leverandør med robuste, alternative løysingar. Samstundes er tilbodet i Innlandet variert, og fleire område opplev utfordring med tilgang på drikkevatn.

Analysa synte at vassforsyning krev kompetente og sterke aktørar for å sikre befolkninga trygt drikkevatn. Svikt i tilførselen verkar inn på mange av samfunnet sine kritiske funksjonar.

Massetilstrøyming av personar på flukt vil kunne utfordre kapasiteten i tenestene våre, og handteringa er kompleks. Nasjonale føringar, regionale vurderingar og lokal tilpassing kan raskt endre seg avhengig av press på tenester og ressursar tilgjengeleg. Varigheit reduserer talet på tilgjengelege busettingsplassar og fører til ytterlegare press.

Samstundes påpeikar analysen at dette er eit område der mykje er gjort for å redusere konsekvensane av bortfall (FylkesROS, 2022).



Figur 3.1 Samanstillinga av risikobiletet frå FylkesROS 2022 (Statsforvalteren).

Forklaring til figur 3.1

+

Naturfare

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerhet	Sensitivitet
1.1	Jordskred i bebygd område	C	2	Høg	Høg
1.2	Snøskred i alpinanlegg	A	2	Høg	Høg
1.3	Flaum i vassdrag	B	3	Høg	Høg
1.4	Ustabilt fjellparti over vann	Under arbeid.			

Sjukdom

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerheit	Sensitivitet
2.1	Alvorleg menneskesjukdom	B	3	Høg	Medium
2.2	Alvorleg dyresjukdom	B	2	Medium	Låg
2.3	Alvorleg plantesjukdom	B	2	Høg	Medium

Infrastruktur

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerheit	Sensitivitet
3.1	Forsyningssvikt	C	2	Låg	Medium

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerheit	Sensitivitet
3. 2	Sårbarheit i vassforsyning	A	2	Høg	Medium
3. 3	Svikt i transportevne	D	3	Låg	Medium
3. 4	Forsyningssvikt i kraft	D	3	Høg	Medium
3. 5	Brot i telenett ved graving (EKOM)	C	2	Medium	Medium
3. 6	Lausepengevirus mot kommunar	D	2	Høg	Høg

Tilsikta hendingar

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerheit	Sensitivitet
4. 1	Terror mot større arrangement	A	2	Høg	Høg
4. 2	Trussel om skuleskyting	C	1	Låg	Medium

Samferdsel

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerheit	Sensitivitet

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerheit	Sensitivitet
5. 1	Jernbaneulykke	A	2	Høg	Høg

Store ulykker

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekvens (1-5)	Usikkerhet	Sensitivitet
6.1	Skogbrann	C	2	Medium	Medium
6.2	Storulykke i befolkет område	C	2	Medium	Medium
6.3	Dambrot	A	2	Høg	Høg
6.4	Fjernliggende turistdestinasjon	B	1	Låg	Medium
6.5	Atomulykke i utlandet	A	2	Låg	Medium

Anna

Id	Scenario	Sannsyn (A-E)	Konsekv ens (1-5)	Usikkerh eit	Sensitivitet
8. 1	Masseankomst av mennesker	C	2	Høg	Medium

Definisjon av sannsyn og konsekvens

+

I ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) vurderar og skildrar vi kor truleg det er at hendingar inntreff, utrykt gjennom sannsyn og kva konsekvensar hendinga kan få. Ei vurdering av risiko er alltid subjektiv og

avhengig av det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg for dei som analyserer.

Sannsyn er eit uttrykk for kor sannsynleg vi meiner det er at ei bestemt hending vil inntreffe, basert på det kunnskapsgrunnlaget vi har. Konsekvensar er kva effekt ei hending har på eit sett av samfunnsverdiar. Konsekvensane blir målbare gjennom at det vert definert typer av konsekvensar og -kriterier (FylkesROS 2022).

Det nasjonale risikobiletet

NSM, PST og Etterretingstenesta legg årleg fram risiko- og trusselvurderingar. I 2023 er desse i stor grad farga av tryggleikssituasjonen i verda og auka spenning mellom vestlege land og autoritære statar. NSM har òg lagt fram tryggleiksflagge råd i mai 2023 som styrkar funna i det nasjonale risikobiltetet.

Nasjonal trusselvurdering frå Politiets tryggingsteneste (PST)

+

Trusselvurderinga frå 2023 løftar i hovudsak utfordringar knytt til Russlands ønske om å sette europeisk energitryggleik under press, statleg etterretningsverksemder og cyberaktivitet vert nytta som verktøy, og sanksjonsomgang for varer og kunnskap.

Politisk motivert vald er mindre truleg akkurat no, men mindre hendingar og konfliktar kan raskt auke risikoen. Truslar mot myndighetspersonar er òg lite truleg, men risikoen vert påverka av samfunnet sine rammevilkår.

[Les den nasjonale trusselvurderinga frå PST 2023 – risiko.](#)

Nasjonal trusselvurdering, "Fokus" frå Etterretingstenesta (E-tenesta)

+

Etterretingstenesta gir årleg ut ei internasjonal trusselvurdering som skildrar omstende utanfor landet sine grenser som verker inn på våre nasjonale tryggleiksinteresser. Her skildrar E-tenesta eit samansett risikobilete der stormaktsrivalisering pregar den internasjonale tryggleikspolitikken.

Russland er no i ei varig konflikt med Vesten, og ein svekka konvensjonell styrke. Sanksjonsregime og tap i Ukraina gir store utfordringar med tilgang til varer og innsatsfaktorar, men er venta å bygge seg opp att dei neste 5-10 åra.

Samstundes fortset Kina utviklinga som ny global tryggleiksgarantist gjennom ein offensiv utanrikspolitikk, utan at dei på noverande tidspunkt ønsker ein konflikt med Vesten. Sist peikar E-tenesta på at det no er få arrestader for internasjonal terrorisme, men at dette kan endre seg ved nye konfliktar eller endra levekår for land eller regionar.

[Les E-tenesta si trusselvurdering 2023 – risiko: Fokus](#)

Nasjonal trusselvurdering frå Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)

+

NSM gir årleg ut ei risikovurdering om trusselaktørar og sårbarheiter i samfunnet vårt. I rapporten frå 2023 påpeikar NSM blant anna at gapet mellom det generelle tryggleiksnivået i norske verksemder og det reelle trusselbiletet dei står ovanfor aukar. Nasjonal tryggleik er òg avhengig av private verksemder og individar.

Lange verdikjeder og digitalisering opnar opp risikoar som krev god systemforståing for å avdekke. Risikobiletet krev samarbeid, både meir kontakt mellom kjende aktørar, men òg kontakt og samarbeid med nye aktørar.

[Les NSM si trusselvurdering for 2023: Risiko](#)

Trusselvurdering frå Økokrim

+

Økokrim gir årlege trusselvurderinger innan sitt ansvarsområde (økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet). Hovudutfordringane dei trakk fram i vurderinga si frå 2022 er berekraft, virutalisering, globalisering, krig og polarisering.

[Les trusselvurdering frå Økokrim for 2022- risiko.](#)

DSB si analyse av krisescenario (AKS)

+

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) gjennomfører ei risikoanalyse av alvorlege hendingar som kan ramme samfunnet på nasjonalt nivå.

Den seinaste vurderinga vart lagt fram i 2019. Her vart pandemi, legemiddelmangel, atomulukke og eit stort fjellskred trekte fram som hendingar med størst risiko.

Vidare er hendingar som jordskjelv i by, kvikkleireskred i by, langvarig straumrasjonering, olje- og gassutblåsing og gassutslepp frå industrien trekt fram som lite sannsynlege hendingar, men som har, om dei skulle skje, store konsekvensar.

Solstorm, brann i oljehamn, flaum i store vassdrag er blant hendingane som i analysen er vurderte med middels sannsyn og konsekvens. Tilsikta hendingar, som skuleskyting, digitalt angrep på ekom-infrastrukturen, terrorangrep i by er òg analysert.

[Les DSB sin rapport frå 2019: Analyser av krisescenarioer](#)

3.2 Naturfare og klimaendringar

Naturfare er ein fellesnemnar for naturlege prosessar som skuldast ein kombinasjon av klima, grunnforhold og topografi, til dømes skred, flaum og stormflo.

Naturfare av ulik art og eit klima i endring vil utfordre kritiske samfunnsfunksjonar og infrastrukturen vår.

Ei kunnskapsbasert og framtidsretta arealplanlegging og forvaltning, i tillegg til samarbeid på tvers av forvaltningsnivå, er viktig for å motstå dei utfordringane endringane gir oss.

Innlandssamfunnet må arbeide aktivt for å førebu oss alle på klimaendringane som kjem. Klimatilpassing inneber å forstå konsekvensane av at klimaet er i endring, og iverksette tiltak. På den eine sida for å hindre eller redusere skade, og på den andre sida for å utnytte mogelegheitene som endringane kan innebere.

3.2.1 Innlandet er ikkje sånna for naturfarar

Innlandet har, og vil oppleve hendingar, som flaum, skred, isgang, tørke, vind og skogbrann. Døme på dette er flaumen i Skjåk i 2018, tørke og skogbrann i 2018, ekstremregn i Ringsaker i 2020 og storm i Valdres i 2021.

Store kostnadar knytt til klima og vær

Dei siste ti åra har klima- og værrelaterte hendingar kosta Noreg over 28 milliardar kroner. For Innlandet ligg storleiken på slike skader på cirka to milliarder kroner (Finans Norge, 2022 og Kunnskapsbanken DSB).

I Innlandet har vi meir enn 67 000 km med elv og over 2000 km² sjø (vass-nett). Mykje av arealet som grenser til vassdraga er utsett for flaum. I nordlege delar av fylket har vi mykje bratt terreng med skredfare, og i sørlege delar av fylket er det områder under marin grense med kvikkleire.

Faresone- og akstemdkart er utarbeidd

Faresone- og aktsemdkart er utarbeidd av Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE). Desse syner flaum, skred i bratt terreng, kvikkleire og ustabile fjellparti.

Saman med erfaringar frå hendingar, gir desse gode indikasjonar på område som kan vere utsett for naturfarar.

Det er verdt å merke seg at aktsemdkarta ikkje er nøyaktige, og det gjenstår mykje kartleggingsarbeid mange stader. Dette er ei utfordring i arealplanlegginga.

Det digitale kartgrunnlaget i InnlandsGIS har dreneringslinjer som er eit nyttig verktøy for å sjå kvar overflatevatn kan ta vegen (sjå figur 3.16).

På aktsamhetskarta for steinsprang, snøskred og jord- og flaumskred ser ein tydeleg at det er dei områda nord og vestover i Innlandet som er særleg utsett for ulike typer skred (sjå figur 3.3).

Aktsamhetsområde for flaum finn vi over heile fylket. Når vi legg til tettstadene og dei sentrale samferdselsårene peiker Gudbrandsdalen og Valdres seg ut som utsett for ulike typer skred. Gudbrandsdalen, Mjøsområdet og Glåmdalen er meir utsatt for flaumhendingar (sjå figur 3.4).


Konsekvensane av skred i bratt terreng er i stor grad knytt til personopphold og fare for liv. Flaum i elver og bekker knytter seg i hovudsak til økonomiske konsekvensar der det ikkje er fare for liv i same grad. I tillegg vil aktsamhetskartet for flaum overestimere fara i større grad i relativt flate område i regionen, fordi desse områda her vil få relativt stor utstrekning.

Klimaendringane


Klimaendringane kan føre til skred og ras på stader som ikkje er kartlagt. Dette er ei utfordring i arealplanlegginga. Det digitale kartgrunnlaget i InnlandsGIS har dreneringslinjer som er eit nyttig verktøy for å sjå kvar overflatevatn kan ta vegen. Sjå korleis dette kan bli brukt i figur 3.16.

Opp mot 500 km² eller 2 % av skogen i Innlandet ligg i terreng som er brattare enn 25 grader (Landbruksdirektoratet, 2022). Størstedelen av det bratte skogarealet finn vi i Gudbrandsdalen, Gausdal, Ottadalen og i Valdres.


Skog i bratt terreng, særlig blandingsskog i god vekst, kan hindre eller bremse snø og jordskred. Flatehogst kan auke fara for skred.



Figur 3.2 Aktsemeldskart for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred (NVE).



Figur 3.3 Aktsamhetsområde som er kartlagt for steinsprang, snøskred, jordskred og flaumskred.
Tettstadsområdet er synleggjort.



Figur 3.4 Kartlage aktsamheitsområde for flaum. Tettstadsområda er synleggjort.

Vi kan forvente mindre snø, høyere årstemperatur og meir regn

Vi opplever allereie klimaendringar, og fram mot 2100 er snitt **årstemperatur** i Innlandet venta å auke med om lag 4,0-4,5 °C. Den største temperaturauka vil kome om vinteren, og kan bli omlag 5,0 °C høyare enn i dag.

Sommartemperaturen er utrekna til å auke med om lag 3,5 °C. Vekstsesongen vil kunne auke med ein til to månader. Vinterstid vil dagar med svært låge temperaturar bli sjeldnare, mens det om sommaren vil bli vesentleg fleire dagar med middeltemperatur over 20 °C.

Lokalt kan ein i **høgfjellet** sjå at område med permafrost tiner og at brear smeltar. Redusert permafrost kan redusere stabiliteten av bratte skråningar eller fjellvegger og gje naturfare.

Årsnedbören i Innlandet er utrekna til å kunne auke med om lag 15-20 %, mest på vinteren og minst om sommaren.

Det er venta at det blir fleire episodar med **kraftig nedbør**, både i intensitet og hyppigheit for alle årstider. Nedbørsmengda for døgn med kraftig nedbør er venta å auke med omlag 20 %. For varigheit på under eit døgn, kan det auke meir.

Det er venta stor reduksjon i **snømengde** og tal dagar med snø i lågare område. Det kan bli opptil ein til fire månadar kortare snøsesong. Det kan framleis bli einskilde år med stort snøfall, jamvel i låglandet (Norsk klimaservicesenter, Klimaprofilane).

[Du kan sjå klimaprofilane i sin heilhet her hos Norsk Klimaservicesenter.](#)

Klimarisiko

+

Klimarisiko er risiko for skader eller tap som følgje av klimaendringar (Store Norske Leksikon). Omgrepene er aktuelt i samband med samfunnsplanlegging, der det er viktig å synleggjere korleis klimaendringane, og ulike tiltak for å avgrense dei, kan påverke eller endre føresetnadane for ulike verksemder.

Handteringen av klimarisiko i kommunane krev samarbeid på tvers av fagfelt og organisasjonsnivå. Den norske statskommunalbank har utarbeida ein egen metodikk for korleis ein kan jobbe med klimarisiko i kommunal planlegging.

[Metodikken frå Kommunalbanken kan du sjå her.](#)

3.2.2 Klimaendring gir hendingar på nye stader og andre tider av året (klimarisikoen aukar)

Klimaendringane fører til at vi må vere førebudd på at vær-relaterte hendingar kan skje på stader som tidlegare ikkje har vore utsett, på andre tider av året enn vi er vane med og at det kan skje oftare.

Det er størst sannsyn for at det er ekstremnedbør, regnflaumar og jord-, flaum- og snøskred som vil ha størst betydning for samfunnstryggleiken i Innlandet i åra framover.

Av erfaring fører styrtegn (plutseleg og kraftig regnskyll) til at dei mindre vassdraga veks fort, noko som vil kunne gi store utfordringar med flaum, drenering og overvatn som finn seg nye, lokale vegar.

Vi kan ikkje planlegge for kvar styreregnet treff, og vi må derfor sikre det vi har av eksisterande infrastruktur og bygningar. Samstundes som vi ved ny aktivitet og utbygging tek omsyn til klimaendringane.

Noreg har hatt eit nasjonalt mål om at samfunnet skal førebu seg på, og tilpasse seg klimaendringane, sidan 2013 (Meld. St. 33 (2012– 2013). Klimatilpassing i Norge og Innst. 497 S (2012–2013).

Arealplanlegging

+

Naturfare og klimaet i Noreg har heile tida stilt strenge krav til i arealplanlegginga. Ekstrem nedbør og fare for flaum og skred vil med sannsyn auke i Innlandet (klimaprofilane). Dette har stor betydning for eksisterande bygningar og infrastruktur.

Det er derfor viktig å ta høgde for endringane i framtidig arealforvaltning og planlegging i kommunane. Dette er særleg nødvendig ved utbygging i nye område og ved fortetting, som òg kan føre til nye dreneringsvegar og meir komplekse sikringsplaner.

Statlege planretningslinjer og eit felles ansvar

+

Både einskilde individ, næringsliv og myndigheter har eit felles ansvar for å tilpasse seg klimaendringane. Kommunale, fylkeskommunale og statlege organ har gjennom statlege planretningslinjer fått eit særskilt ansvar for å samordne og samarbeide på tvers av sektorar for slik å sikre at samfunnet blir betre rusta til å møte endringane. Dette skal skje ved å unngå, eller å redusere, risiko, sårbarheit og ulemper, og ved å dra nytte av eventuelle fordelar som måtte følge av endringar i klimaet.

Du kan lese [statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning - Lovdata](#) her.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging løftar fram at det er viktig å bruke oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og konsekvensar av desse i kommunal og regional planlegging. [Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 \(regjeringen.no\)](#).

Riksrevisjonen har lagt fram si undersøking av myndighetene sitt arbeid med å tilpasse infrastruktur og bygningar til eit klima i endring. Her konkluderer dei blant anna med at det manglar nødvendig oversikt over fare for naturhendingar og at sikring av eksisterande bygningar blir for dårlig ivareteke (Riksrevisjonen, 2022). Dette syner at det må leggast meir arbeid i å ta inn effektar av klimaendringar i ROS-analyser for å handtera dette på ein god måte framover.

Flaum

+

Mykje av områda langs vassdraga i Innlandet er utsett for flaum. Nord-Gudbrandsdalen utpeikar seg ved at mykje areal er utsett for naturfare.

Flaumhendingar i 2011 og 2013 førte til at [Regional plan for Gudbrandsdalsdalslågen](#) med sidevassdrag vart laga. Planen inneheld tiltak og retningslinjer for å redusere fara for flaum og skred.

Planen syner ved hydraulisk modellering at tiltak som masseuttak generelt vil ha liten effekt på vasslinja om massane blir tatt ut på breie, stilleflytande område med lite fall. Døme på dette er Lågendeltaet og dei breie stilleflytande partia gjennom Gudbrandsdalen.

Reguleringsmagasina, med Mjøsa som det største, har i tillegg til bruken i kraftproduksjonssamanheng òg ein viktig verdi ved at dei naturlege flaumane i vassdraga blir vesentleg redusert.

Risiko for storflaum vert redusert

Fram mot århundreskiftet er det venta at risikoen for storflaum vert redusert (sjå klimaprofilane), men ein må framleis rekne med at store snømengder somme år, saman med regn og høg temperatur, førar til periodevis høg risiko.

Flaum i Mjøsa

FylkesROS syner at scenarioet som omhandlar storflaum i Mjøsa har høg konsekvens, men under middels sannsyn. Nye berekningar for 200 og 1000 års-flaum i Mjøsa og betre data om vasstandsnivåa, vil kunne gi oss betre mogelegheit til å forstå konsekvensane av ein storflaum i Mjøsområdet.


Erfaringa frå tidlegare hendingar er at storflaum, trass låg frekvens, har stort skadepotensial og at det tek lang tid å rette opp skadane ein storflaum påfører samfunnet.

Overvatn

+

Ved intens nedbør kan overvatn føre til store skader på bygningar og infrastruktur (NOU 2015:16). For å redusere skadane er det viktig med lokal handtering av overvatn, trygg leding av vatn og i nokre tilfelle òg behandling av overvatnet.

Sjå figur 3.5 som viser strategi for handsaming av overvatn. Heile kjeda let seg skalere etter vassmenga som lyt handterast.



Figur 3.5 Strategi for handtering av overvatn. Trinn 0 er planlegging. Trinn 1 (ved avrenning frå mindre regn) er å fange opp, reinse og infiltrere. Trinn 2 (ved avrenning frå mykje regn) er forsenke og fordrøye. Trinn 3 (ved avrenning frå ekstremt regn) er å sikre trygge flaumvegar (Kim Paus, Asplan Viak/Nibio).

Rettleiarar for arbeid med overvatn

Miljødirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har utarbeida rettleiarar som kan hjelpe kommunane i handteringen av overvatn:

- [Korleis handtere overvatn \(Miljødirektoratet\)?](#)
- [Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar. Korleis ta omsyn til vassmengder? \(NVE\)](#)

Tørke

+

Innlandet vil oppleve mindre tørke i åra framover enn mange andre land lengre sør i Europa, men vi kan oppleve år med tørke, som til dømes i 2018.

Tørke aukar fara for skogbrann. FylkesROS 2022 analyserer eit scenario for skogbrann, og finn at dette kan gi utfordringar for kritisk infrastruktur og ressursane ein har tilgjengeleg.

[Heildekande skogressurskart \(SR16\)](#) gir til dømes grunnlag for informasjon om farten for spreiing av skogbrann.

Viktig å sikre kritisk infrastruktur

I tillegg til naturfarane nemnd over, er det viktig å sikre kritisk infrastruktur mot snøfall og vindfall gjennom regelmessig rydding langs kraftlinjer, vegar med meir.

Noko av skogen ligg òg i område som er utsett for naturfare, og spesiell skogskjøtsel eller ikkje-hogst i skog, vil kunne redusere faren for skred i skog.

Det er registrert eit aukande tal “vind-hendingar” fleire stader, og fleire av desse har blant anna ført til svikt i straumforsyning og stengte vegar.

Omfattande trefall gjer at oppryddinga blir meir krevjande, og bortfall av viktig/kritisk infrastruktur kan av den grunn òg bli meir langvarig.

Skadepunkt på infrastruktur

Faresone-kartlegginga rettar seg per i dag først og fremst mot eksisterande busetnadar og i liten grad mot fare for infrastruktur. Det bør òg bli sett på skadepunkt på infrastruktur for å avdekke om det er område utanfor eksisterande busetnadar som bør kartleggast.

Meteorologisk institutt og Noregs vassdrags- og energidirektorat arbeider kontinuerleg for å betre vaslingsrutinane sine.

Hauststorm i Valdres 2021

+

Hauststormen i november 2021 førte til store skader i Valdres, Land og nordre Mjøsområdet. I ein skilde område kom vinden opp mot 40 m/s i kasta, og store skogareal blei rasert.

I Sør-Aurdal kommune bles det ned meir enn sju års normal avvirkning i løpet av nokre timer. [Du kan lese evalueringa frå hendinga i Valdres på Statsforvaltaren i Innlandet sine nettsider.](#)

[Landbruksdirektoratet har ei eiga heimeside med omtale av storfellinga.](#)

Haustflaumen i Skjåk 2018

+

Skjåk-flaumen den 14. og 15. oktober 2018 var ei stor hending med omfattande skader på bygningsmasse, eigedom og infrastruktur. Årsaka til flaumen var mykje regn, uvanleg varmt vær kombinert med smelting av nysnø.

Hendinga var ikkje varsla.

[Du kan lese evalueringa frå hendinga i Skjåk på Statsforvaltaren i Innlandet sine nettsider.](#)

3.2.3. Vi må ta i bruk eksisterande og framstaffe ny kunnskap

Kunnskap om meir ekstremvær i framtida, gjer det mogeleg å vere førebudd. Vi må sikre det som er nødvendig, førebygge der vi kan og planlegge for eit klima i endring når vi skal bygge nytt.

Ei arealplanlegging tufta på eit godt kunnskapsgrunnlag, og med merksemd på samfunnstryggleik, vil førebygge framtidige skader som følge av naturfare og overvatn.

Naturlege område har god effekt for handtering av overvatn. Forsinka avrenning, erosjonsfare og skredfare er òg viktig å legge vekt på i arealplanlegging og samfunnsutvikling.

Overvatn som ressurs

Overvatn kan nyttast som ein ressurs i sentrumsområde med tette flater. I tillegg til å redusere faren for skader som følge av vatn på avvegar, kan overvatnet vere ein ressurs til vatning, leik, læring, rekreasjon og til å fremme biologisk mangfald i landskap og uterom.

Naturlege løysingar må prioriterast der det er mogeleg.

Klimapåslag ved vedlikehald

Det er òg viktig å velje gode løyningar ved vedlikehald. Døme på dette er å nytte klimapåslag ved utskifting av stikkrenner, kulvertar, kummar, grøfting og bygging av nye bruer (risikoreduserande tiltak).

Eit godt utbygd beredskap og varslingssystem ved hendingar (konsekvensreduserande) må prioriterast.



Flaum i by.

Foto: Bernt M. Tordhol



Jordras i Etnedal.

Foto: Kjetil Fjeld, Etnedal kommune.

3.3 Matproduksjon og sjølvforsyning

Innlandet er Noreg sitt matkammer og denne rolla bør blir styrka. Vi må legge til rette for eit levedyktig, stabilt og berekraftig landbruk (skog- og jordbruk) i heile Innlandet der vi bidreg for å nå målet om å auke sjølvforsyningsgraden i Noreg.

Vi må ta vare på matjorda vår og tilpasse matproduksjonen til eit klima i endring. Vi må i sterkare grad sjå på utmarka som ein viktig ressurs i matproduksjonen i Innlandet.

3.3.1 Innlandet er Noreg sitt matkammer

Mattryggleik (sikker tilgang på mat med tilstrekkeleg kvalitet) er heilt grunnleggande for eit samfunn, og avgjerande for å kunne oppretthalde politisk og sosioøkonomisk stabilitet.

Det er viktig å oppretthalde tilfredsstillande nasjonal matvareproduksjon ut frå eit beredskapsperspektiv.

Sjølvforsyningsgraden er under 50 %

I 2020 var sjølvforsyningssgraden i Noreg 46,5 % (på energinivå), og 40 % om ein korrigerer for førvareimport. Den potensielle sjølvforsyningssgraden i Noreg ved en eventuell krisesituasjon er langt større. Sjå meir i rapporten frå [NIBIO, Beregning av sjølvforsyningssgrad](#).

Jordbruket i Innlandet står for ein relativt stor del av all produksjon innan jordbrukssektoren, og er ein netto bidragsyter til den nasjonale mattriggleiken og sjølvforsyninga. Sjå tabell 3.1.

Partnerskap for landbruk i Innlandet har med utgangspunkt i Bioøkonomistrategien for Innlandet og Regionalt Bygdeutviklingsprogram, utarbeida [Tiltaksplan for jordbruket](#). Denne planen skildrar status, utfordringar og mogelegeheter for jordbruket.

Tabell 3.1 Plante- og husdyrproduksjon i Innlandet

+

Husdyrproduksjon (tal)	Innlandet	Andel av landet i %
Mjølkeku	37 756	18,20 %
Ammeku	27 067	25,60 %
Søyer	139 922	15,50 %
Purker	9 156	22,60 %
Slaktegris	101 882	22,90 %
Verpehøner	533 113	13,10 %
Slaktekylling	2 246 999	16,30 %
Planteproduksjon (daa)	Innlandet	Andel av landet i %
Grovfor	1 023 541	20,10 %
Korn	679 793	24,10 %
Potet	57 241	49,80 %

Husdyrproduksjon (tal)	Innlandet	Andel av landet i %
Grønsaker	15 500	22,00 %
Frukt	222	1,10 %
Bær	2 866	13,50 %
Jordbruksareal i drift	1 792 844	21,60 %
Folketal	Innlandet	Andel av landet i %
Per 31.12.2020	370 603	7 %
Tal PT-søkjarar	Innlandet	Andel av landet i %
Per 2020	7 008	18 %

Tabell 3.1. Plante- og husdyrproduksjon i Innlandet, innbyggartal og tal på søkerar til produksjonstilskot, i tillegg til andel av landet. Tala er frå 2020 og frå produksjonstilskots-registeret (Landbruksdirektoratet).

God og robust mattruggleik

Noreg sin mattruggleik er i store trekk god og robust. Konsekvensane av dei internasjonale forholda for Noreg vil først og fremst vere knytt til prisauke på råvarer og innsatsfaktorar, og dermed òg prisauke på matvarer til forbrukar.

Svært høge prisar eller ikkje-tilgang (redusert produksjon eller svikt i transport) på ein del innsatsfaktorar kan svekke norsk mattruggleik.

Nasjonalt ansvar

Når det gjeld Noreg sin mattruggleik og beredskap er dette eit nasjonalt ansvar og knytt opp mot sentral politikk på ulike område, spesielt til sentral landbruks- og matpolitikk.

Vi har overordna målsettingar om å sikre forbrukarane trygg mat, auka matvareberedskap, god dyre- og planthelse, god dyrevelferd og auka bruk av dei biologiske ressursane gjennom satsing på avl, forsking og

utdanning.

Berekraft ligg til grunn

Berekraftig og klimatilpassa matproduksjon ligg til grunn, og det presiserast at det må leggast til rette for ein stabil tilgang på innsatsfaktorar og utvikling av meir berekraftige og framtidssretta løysingar.

3.3.2 Produksjons- og forsyningsskjeda for mat er kompleks

Figur 3.6 syner kor kompleks og samansett produksjons- og forsyningsskjeda er for mat i Noreg.

Grøn linje viser produksjon av råvarer (på gardsbruk) vidare gjennom foredlingsleddet og fram til forbrukar. Gule boksar viser nødvendige innsatsfaktorar, som til dømes vatn, straum og medisinar. Raude boksar viser potensielle truslar, som til dømes rekruttering og cyberangrep.

Merk at det er fleire større truslar (raude boksar heilt øvst) som har potensiale til å forstyrre eller forårsake svikt i heile kjeda. Dette er til dømes forureining og klimaendringar.

[Figur 3.6 Produksjons- og forsyningsskjeda for mat \(PDF, 2 MB\)](#)

Figuren er henta frå FylkesROS 2022 og er utarbeida av Fossum og Stubsjøen. Du kan lese meir om dette i FylkesROS 2022.

Innsatsfaktorar i landbruket

Gjødsel

+

Norsk landbruk er helt avhengig av import av mineralgjødsel.

Auka fokus og satsingar i forhold til optimal utnytting av husdyrgjødsela, presisjonsgjødsling, sirkulær-prinsipp på gardane, betre jordstruktur, god drenering, kløver (nitrogen) i eng med meir, vil kunne bidra til redusert behov for import av gjødsel.

Fôr og fôrvarer

+

I dag er vi avhengig av import av **kraftfôr** til husdyrproduksjonen vår. Ein-maga dyr (fjørfe og svin) er heilt avhengig av kraftfôr. Drøvtyggjarar (sau og storfe) utnyttar gras-/beite-/utmarksbeiteressursane til produksjon av mjølk og kjøt.

God kvalitet på grovfôr (høgt proteininnhold) kan redusere behovet for kraftfôr. Det er mogeleg å auke andelen norsk korn i kraftfôret som nyttast.

For å oppnå **målsettinga om auka sjølvforsyning**, er det viktig at fôr-kornet som produserast i Noreg fortrinnsvis blir nytta i kraftfôr til svin og fjørfe, og at en får til ein optimal utnytting av grovfôrressursane til produksjon av mjølk og kjøt (drøvtyggjarar).

Det blir samtidig arbeida kontinuerleg innan **FoU**, iverksetting av ulike tiltak med meir, for auka utnytting av norske ressursar som proteinkjelder i dyrefôr.

Her kan vi til dømes nemne; auka **proteinproduksjon** frå norskprodusert bygg til husdyrfôr, protein frå raps/ryps og frå andre oljevekter som vi kan dyrke i Noreg. Åkerbønner kan òg vere aktuelle som proteinvekst. Det blir òg forska på protein frå insektlarver som tilsetting i fôr.

Ekstensivering av mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon på storfe og sau vil kunne bidra til at behovet for innkjøpt (og importert) kraftfôr reduserast (Laila Aass, NMBU). Ein ekstensivering av mjølk- og kjøtproduksjonen vil seie at dagens volum av mjølk- og kjøt produserast på fleire dyreeiningar.

Ekstensivering vil òg kunne innebere meir bruk av grovfôr (kvalitet tilpassa produksjonen) og utmarksbeite, og mindre bruk av innkjøpt/importert kraftfôr. Avl er viktig for å utvikle optimal utnytting av fôr hjå produksjonsdýra.

Andre essensielle innsatsfaktorar

+

Kraftforsyning/energi, drivstoff, vann, maskiner/utstyr, såfrø, medisinar, plantevernmiddel, EKOM (tale/data) og IT-tryggleik med meir er **essensielle faktorar** for at produksjons- og forsyningskjeda for mat skal haldast oppe.

Dette gjeld heile kjeda; produksjon på den enkelte gard, via foredlingsledd, lager, butikk og fram til forbrukar. Svært mange av innsatsfaktorane i produksjons- og forsyningskjeda for mat er importert til Noreg.

For å oppretthalde og auke norsk matproduksjon er vi heilt avhengig av ein **velfungerende internasjonal handel** og logistikk.

3.3.3 Vi må ta vare på matjorda

For å oppretthalde ein tilfredsstillande mattriggleik er det viktig at vi tek vare på produksjonsareala og forvaltar dei på ein berekraftig måte.

Det er utarbeidd ein nasjonal jordvernstrategi som inneber ei målsetting om at årleg omdisponering av dyrka jord skal vere redusert til 3 000 daa innan 2025. Dette målet er nådd allereie, og det har kome signal frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) om ytterlegare skjerping av måla om vern av dyrka mark, sannsynlegvis 2 000 daa.

Innlandet har relativt store tal på omdisponering av dyrka jord. Utbygging av samferdselsanlegg er hovudårsaka. Det er viktig med auka merksemd på tiltak for å styrke vern av dyrka, og dyrkbar jord i Innlandet.


Produksjonsareala må haldast i hevd. Areala som er klassifisert for produksjon av korn, fôrkorn, grønsaker/frukt/bær og proteinvekstar er særskilt viktig å verne/halde i hevd for å auke sjølvforsyninga av mat og førressursar.

3.3.4 Vi må utnytte areala, tilpasse oss eit klima i endring og ta vare på produsentane

Ei optimal utnytting av areala er naudsynt for å oppnå målsettinga om auka sjølvforsyning.

Oversikt over klimasonene i Innlandet viser dei ulike areala sitt potensial for dyrking av ulike vekstar, til dømes matkorn, fôrkorn, grønsaker og frukt (sjå kart 3.7).

Auka matkornproduksjon er eit av dei mest effektive tiltaka for å auke norsk sjølvforsyning og beredskap. Det er viktig at vi får til ein god balanse og optimal utnytting av potensialet som dei ulike areala har (klimasoner, arrondering med meir).



Figur 3.7 Agroklimatiske soner i Innlandet (NIBIO 2022)

Auke produksjonen på eksisterande areal

+

Vi skal halde merksemd på høg produksjon per daa og avling av høg kvalitet. Jordbruket har kontinuerleg merksemd på dette, blant anna gjennom rettleiing frå Norsk Landbruksrådgivning (NLR) og andre.

Klimatilpassa produksjon

+

Endringar i klima er ein av dei største utfordringane for produksjon av mat i verda i framtida. Eit særsviktig tiltak er å utvikle jordbruksproduksjonar som er tilpassa eit endra klima, og som tåler meir nedbør, tørkeperiodar, varmare klima med meir.

Endringane i klima har òg bidrige til at fleire områder i Innlandet har tilstrekkelege vekstdøgn/varmesum for dyrking av korn/fôrkorn, grønsaker med meir.

Jordbruket i Innlandet er òg i kontinuerleg prosess med å sette i verk ei rekke tiltak for reduksjon av utslepp av klimagassar, auka binding av karbon i jord og reduksjon av energiforbruket.

Dette er òg omtala i ny Regional plan for klima, energi og miljø (Innlandet fylkeskommune, 2023).

Gode fag- og produsentmiljø er avgjerande

+

Innlandet har sterke og gode fag-/produsentmiljø innan sau, mjølk /storfe og svin. Vidare har vi òg sterke fag-/produsentmiljø innan korn, potet og grønsaker.

For å kunne oppretthalde jordbruksproduksjonane i Innlandet, og i landet som heilheit, er det avgjerande å:

- bevare og vidareutvikle dei ulike fag- og produsentmiljøa. Lønnsemd og forutsigbarheit i jordbruksproduksjonane er ein svært viktig basis for å kunne oppretthalde gode fagmiljø for produsentane.
- ta vare på, haldast ved like og oppdatere driftsapparata (maskiner, utstyr, driftsbygningar, teknologi)
- oppretthalde, vidareutvikle og oppdatere kompetansen i jordbruket.
- ta vare på infrastrukturen rundt produsentane. Det inneber til dømes tilgang på kvalifisert arbeidskraft, rettleiings-, veterinaær- og avløyssartenester, landbruksvikar, maskin-, service- og mekanikartenester.

Kompetanse og utdanning til jordbruket

+

Ei lønsam og føreseieleg utvikling i jordbruksproduksjonane er kanskje det viktigaste grunnlaget for god rekruttering. I tillegg er det å oppretthalde fag- og produsentmiljø avgjerande for rekruttering til jordbruksproduksjonane.

I denne samanheng er utdanning og kompetanse svært viktig. Det må bli lagt til rette for «grøne» utdanninger på ulike nivå. Tilbod om "Vaksenagronom"-utdanning er òg svært relevant i denne samanhengen.

Fleksible forvaltningssystem

+

Produksjons- og forsyningsskjeda for mat, med tilhøyrande innsatsfaktorar, er regulert av ulikt regelverk, lover, forskrifter med meir, og det er oppretta ulike forvaltningssystem.

For å oppretthalde produksjons- og forsyningsskjeda for mat, er det viktig at det vidareutviklast forvaltningssystem som er robuste og fleksible i forhold til å handtere nye situasjonar, kriser, nye hendingar og raske endringar på best mogeleg måte.

Dette gjeld til dømes fleksibilitet og prosedyrer for vedtak for endringar i lover, forskrifter nye/endra myndigheitsområder, kapasitet med meir.

Partnarskapet for norsk matkorn

+

Partnarskapet for norsk matkorn og planteprotein ([Matkornpartnerskapet](#)) skal bidra til å auke bruken av norsk matkorn og planteprotein til mat.

Målet er å auke andelen norsk matkorn frå 50 % i dag til 90 % i 2030.

Reduksjon av matsvinn

Reduksjon av matsvinn vil kunne auke Noreg sin mattryleik og sjølvforsyning. Matsvinnet i primærleddet (på gardsbruka) er målt til 43 883 tonn i 2020. Dette utgjer 1,72 % av produsert mengde i primærleddet (Landbruksdirektoratet, 2021).


Jordbrukssektoren har relativt lågt matsvinn. Dette har fleire årsaker.

Størst matsvinn frå hushaldningane

Norsk jordbrukssektor er moderne, og produserer i hovudsak med høg kvalitet samanlikna med mange andre stader i verda. Det arbeidast kontinuerleg med forsking og utvikling, dyrehelse, plantehelse, mattryleik og så videre i dei ulike sektorane, noko som òg i stor grad betyr høg kvalitet på produksjonane og lavt matsvinn.

Tal for det totale matsvinnet i Noreg syner at hushaldningane står for omrent 48 % av matsvinnet, matindustrien 19 %, og daglegvarehandelen 15 % (Regjeringa, 2021).

Matsvinn i verdikjeda



Figur 3.8 Matsvinn i verdikjeda (Regjeringa).

Vi bør ha beredskapslager av matkorn i Noreg

Vi bør ha beredskapslager av matkorn i Noreg. Landbruksdirektoratet har på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet utgreia beredskapslager for matkorn (Landbruksdirektoratet, 2022).

Rapporten tilrår at mengde korn i beredskapslagra bør rekke til seks månaders forbruk. Slike lagre bør etablerast sentralt i landet, kornområda eller hamner er aktuelle, og i nærleiken til kornkjøparane som til dømes Norgesfôr og Felleskjøpet. Desse kan integrere lagra i drifta si og rullere kornet over år.

Raskaste måten å bygge opp lageret på, er ved import av korn, då oppbygging ved hjelp av norske råvarer vil ta anslagsvis sju år. Beredskapslagring er relativt kostbart og vil krevje statleg finansiering i ei eller anna form.

Foreslår utgreiing av nasjonalt kornlager

Regjeringa har i Statsbudsjett for 2023 foreslått at det skal etablerast beredskapslager for matkorn til den norske marknaden, anslagsvis for to til tre månaders forbruk.

Landbruksdirektoratet utgreia i 2022 korleis ei ordning og retninglinjer for beredskapslager av matkorn kan sjå ut.

[Du kan lese rapporten til Landbruksdirektoratet her.](#)

Gjennomgang av matvareberedskapen

Regjeringa varsla 4. november 2022 at dei set igang to undersøkingar som skal gå gjennom sårbarheiter og mogelegeheiter i norsk matvareberedskap.



Kornproduksjon på Hedemarken.

Foto: Mostafa Pourbayat/Innlandet fylkeskommune



Utmarksbeite i Øyerfjellet.

Foto: Bernt M. Tordhol.

3.4 Allmennfarleg smittsam sjukdom og smittevern

Allmennfarlege smittsame sjukdommar er særleg smittsame, kan opptre hyppig, har høg dødelegheit, eller kan gi alvorlege eller varige skadar.

Desse sjukdommane kan bli spreidd på ulike måtar: gjennom luft, vatn og mat. Innlandet må arbeide for at vi opprettheld vaksinasjonsgraden i befolkninga og aukar kompetansen på smittevernområdet.


Vi må bidra til mindre og meir rett bruk av antibiotika og styrke samordninga av våre planverk, ressursar og tiltak.

3.4.1 Utbrot av allmennfarlege smittsame sjukdommar i Innlandet

Smittevernlova har eigne reglar for allmennfarleg smittsam sjukdom. Kva sjukdommar som er omfatta står i eiga forskrift, Smittevernlova § 1-3 og Forskrift om allmennfarlege smittsame sjukdommar.


Meldesystemet for smittsame sjukdommar syner førekomst av ei rekke allmennfarlege smittsame sjukdommar i Innlandet.

Chlamydiainfeksjon har hyppigast førekomst om ein ser bort frå koronapandemien, men grafen i figur 3.8 syner òg toppar av andre sjukdommar vi må vere klare for å handtere. Alle kommunar må ha ein smittevernplan som legg dette til grunn. Omfanget av koronapandemien visar samstundes behovet for god beredskap.



Figur 3.8 Allmennfarlege smittsame sjukdommar i Innlandet (2010–2022) utan korona.

Foto: Forenkla figur etter Folkehelseinstituttet MSIS sine data.



Figur 3.9 Allmennfarlege smittsame sjukdommar i Innlandet (2010–2022) med korona.

Foto: Forenkla figur etter Folkehelseinstituttet MSIS sine data.

Forklaring til figur 3.8 og 3.9 (oversikt tal allmennfarlege smittame sjukdomar i Innlandet i perioden 2010–2022)

+

		År																			
		Appeller									Är										
		Chlamydiala									Hepatitis										
A	R	B	O	T	I	E	G	H	H	H	K	I	V	K	I	K	K	K	M	P	P
å	r	o	u	l	i	c	o	e	e	e	o	o	-	v	o	h	h	o	e	a	i
Å	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä	ä
2	0	0	2	1	9	0	1	2	1	4	6	1	9	2	1	4	0	5	1	4	0
0	1	0	4	8																	
1	0	0	8																		
0	0	0	0	1	2	1	2	2	1	7	6	4	1	7	7	6	0	0	0	3	0
1	1	1	1	7	5	1	2	2	7	7	4	7	0	7	6	0	0	0	0	9	2

2	0	1	2	1	2	2	2	2	0	2	6	9	8	1	8	3	4	5	0	0	2	4	7	0	1	0			
2	0	1	2	1	2	5	3	5	9	3	0	4	4	6	7	1	0	1	4	3	0	0	0	8	8	0	0	0	
2	0	1	2	1	3	2	6	1	0	5	2	4	0	8	0	1	4	1	1	2	0	1	0	8	9	1	0	1	
2	0	1	2	1	4	3	1	6	0	0	3	1	6	7	8	7	1	0	4	0	1	9	6	0	2	2			
2	0	1	2	1	3	2	9	1	0	4	8	5	6	2	1	0	6	0	3	0	1	7	5	0	1	3			
2	0	1	2	1	3	5	6	3	1	1	4	1	3	6	1	5	2	6	0	0	2	0	1	6	1	0	0	3	
2	0	1	2	1	3	9	4	5	4	5	1	2	1	5	0	1	0	2	1	9	0	9	0	1	3	1	0	2	4
2	0	1	2	1	3	4	9	0	9	4	0	2	0	2	1	3	7	1	3	5	0	2	1	1	3	6	0	1	4

2	0	2	1	4	8	2	0	0	1	4	3	2	4	1	7	2	8	1	0	0	1
0	0	0	0	0	3	4	0	0	4	2	2	4	7	1	1	8	1	0	8	0	1
2	0	0	1	0	5	1	1	0	8	3	0	6	4	9	5	2	9	0	2	0	2
0	9	8	4	9	8	4	1	0	8	0	6	6	4	6	5	7	6	0	2	0	2
2	1	2	2	2	2	2	2	0	2	7	2	9	1	3	6	5	9	2	3	1	0
2	2	0	1	4	1	4	5	1	0	2	7	2	1	3	4	0	0	3	1	1	5
2	2	2	0	0	3	6	3	0	0	7	9	1	1	3	9	2	9	2	3	1	0

3.4.2 Heilsapeleg arbeid med smittevern i Innlandet

Smittevernlova pålegg kommunane ansvaret for å vurdere situasjonen og sette i verk tiltak for å avgrense utbreiinga av eit utbrot og behandle sjuke (i samarbeid med spesialisthelsetenesta).

Kommunelegen skal utarbeide forslag til plan for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vern mot smittsame sjukdommar, irekna beredskapsplanar og tiltak, i tillegg til å organisere og leie dette arbeidet (smittevernloven §7-2).

Folkehelseinstituttet gir faglege råd til kommunen om dette. I nokre tilfelle er det behov for å koordinere handteringa frå eit nasjonalt perspektiv.

Alle 46 kommunane i Innlandet hadde innan mars 2020 oppdatert sine smittevernplanar og pandemiplanlegging. Alle kommunar skal ha tuberkulosekontrollprogram og alle helseinstitusjonar infeksjonskontrollprogram.

Kommunane fører tilsyn med at offentleg eller privat verksemder følger lovgjevinga om miljøretta helsevern etter folkehelselova, irekna smittevern. Fleire kommunar har oppretta interkommunale samarbeid på dette området.

Sjukehuset Innlandet HF og Statsforvaltaren i Innlandet arrangerer årlege smittevernkonferansar/fagdagar for helsepersonell knytt til helse- og omsorgstenesta i kommunane i Innlandet, spesialisthelsetenesta i Innlandet og studentar.

Sjukehuset Innlandet HF og Akershus Universitetssjukehus gir smittevernråd til kommunane i Innlandet ved behov. Dei tilbyr òg avtale om smittevernbistand til kommunale institusjonar og heimeteneste (infeksjonskontrollprogram).

Det regionale helseføretaket skal syte for at befolkninga i helseregionen er sikra nødvendig spesialistundersøking ved smittsam sjukdom, laboratorieundersøking, poliklinisk behandling og sjukehusbehandling, forsvarleg isolering i sjukehus, og anna spesialisthelseteneste.

Regionalt kompetansesenter for smittevern i Helse Sør-Øst har ansvar for å samordne arbeidet med planlegging og gjennomføring av den regionale smittevernplanen saman med det regionale nettverket for smittevern.

Vaksinasjonsdekninga i barnevaksinasjonsprogrammet i Innlandet er høg. For 2-åringar i 2021 var til dømes vaksinane mot difteri, kikhoste, poliomyelitt, meslingar, kusma og raude hundar 96,8–96,9 % i Innlandet. Dette er lik, eller så vidt over dekninga, for landet (Noregshelsa statistikkbank).

Mottak av flyktingar som treng undersøking og vaksinar, fordrar òg beredskap og ressursar i helsetenesta.

Smittevern i tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta i Innlandet har 300 tilsette fordelt på 40 tannklinikkar (frå 2023). Det er om lag 280 private tannlegar i Innlandet.

Alle tilsette i tannhelsetenesta arbeider pasientnært. Det er eit arbeid med høg risiko for smitte. I [lov om tannhelsetenesta \(1983\)](#) §1-4 heiter det at fylkeskommunen skal samordne den offentlege tannhelsetenesta og privat sektor.

Dette vart utfordra i starten av Covid-19-pandemien. Ein erfarte då at det ikkje føreligg ein sentral oversikt med kontaktinformasjon til privatpraktiserande. Dette gjorde koordinering meir tidkrevjande og utfordrande.

3.4.3 Kva lærte Innlandet av koronahandteringa?

Koronapandemien og tiltaka som vart innførde fekk omfattande konsekvensar for alle deler av samfunnet i Innlandet. Covid-19 fekk eit alvor og ei varigheit som langt overgjekk plangrunnlaget til norske myndigheiter.

Dimensjonert for sesonginfluensa

Plangrunnlaget var i hovudsak dimensjonert for ein alvorleg sesonginfluensa. Dette viste seg særleg ved at kontinuitetsplanlegging for, og bemanning av tenestane, vart ei langt større utfordring enn det myndighetene var førebudde på. Inngripande juridiske tiltak fekk uforutsett stor betydning (DSB, 2022).

Kravde omstilling

Utbrot kravde store ressursar og tiltak i einskilde kommunar, men òg samarbeid mellom kommunar og i regionar.

Frivillige tok og stor del i arbeidet med til dømes testing, vaksinering og transportoppdrag. Berre Røde Kors Innlandet har registrert over 100 000 frivillige arbeidstimar under pandemien.

Kapasitet og kompetanse til testing, isolering, smittesporing og karantene (TISK) kravde omstilling, opplæring og interkommunalt samarbeid.

Digitale verktøy for kommunikasjon og smittesporing vart særskilt viktige. Helsetenesta innførte også videokonsultasjoner og feberpoliklinikkar.

I sjukehusa vart drifta lagt om og behandling som kunne vente, vart utsett. Intensivkapasiteten syntet seg å være særlig kritisk. Smitteverntiltak gjorde også arbeidet med pasientane ekstra ressurskrevjande.

Problem for drifta

Etter kvart vart sjuke- og karantenefråvær også eit problem for drifta. Utfordringane varierte etter utviklinga i pandemien.

I januar 2022 meldte til dømes nær 60 % av kommunane i Innlandet om ein utfordra situasjon i tilgangen på personell og kritisk kompetanse til Statsforvaltaren.

Situasjonen var utfordrande for helsehjelps-kapasitet i institusjonar og heimetenester, mottak av utskrivingsklare pasientar, legevakt, fastlegar, kommunelegar, helsestasjon og skulehelseteneste.

Tilsette vart omdisponert og det var ein generell mangel på personell. Pensjonistar og frivillige vart mobilisert.

Mangel på smittevernustyr

I starten av pandemien var det mangel på smittevernustyr. Det vart etablert eit felles samarbeid om fordeling av utstyret som vart innkjøpt nasjonalt.

Kommunane er fra 2022 attende til vanlege innkjøpsordningar og har ansvar for å ha adekvat lager av smittevernustyr på bakgrunn av eigne ROS-analyser av behova.

Tiltak ved riksgrensa

Tiltak ved grensa mot Sverige vart ei ekstra belasting for dei kommunane i Innlandet med grenseovergangar.

Drift av verksemder og tenester som har høg andel utanlandske arbeidskraft og grenseebuarar (dei som bur på ei side og arbeider på andre sida av grensa) vart påverka av stengde grenser/auka grensekontroll. Til dømes fekk dette konsekvensar for landbruket.

Store krav til informasjon og kommunikasjon

Tiltaka som vart innførde, medførde store krav til informasjon og kommunikasjon med alle deler av befolkninga.

Smitteverntiltak ramma barn, unge og sårbare grupper ekstra hardt. Koronakommisjonen har påpeikt utfordringar med å nå ut med informasjon til alle delar av befolkninga (Koronakommisjonen del 2, 2022).

[Ein nasjonal koronakommisjon har levert to rapportar som du kan lese her.](#)

3.4.4 Redusert og meir rett bruk av antibiotika

Antibiotikaresistens er eit raskt veksande problem i verda, og utgjer ein alvorleg trussel mot global helse både hos menneske og dyr. Nasjonale myndigheter har sett tydelege mål for redusert og meir rett bruk av antibiotika.

For å lykkast i kampen mot antibiotikaresistente bakteriar, er ein heilt avhengig av samarbeid både internasjonalt og på tvers av sektorar, slik at flest mogeleg land fører ein politikk som minskar risikoane knytt til antibiotikaresistens.

Dersom antibiotika framleis skal vere eit globalt fellesgode for komande generasjonar, må det settast gode og realistiske mål for arbeidet mot antibiotikaresistens.

Nasjonal strategi for antibiotikaresistens

+


Det er utarbeida ein nasjonal strategi for antibiotikaresistens 2015-2020. Det er politisk tilslutning til oppfølging og vidareutvikling av strategien frå 2021. Den nye strategien skal vidareføre eit sterkt tverrsektorielt internasjonalt arbeid på antimikrobiell resistens (AMR) med sørkelys på tilgangen på antibiotika (smalspektra) og på ansvarleg bruk.

Ambisjon om reduksjon i utskriving

Nasjonal strategi mot antibiotikaresistens hadde blant anna ein ambisjon om ein reduksjon av utskrivingar av antibiotika frå 450 til 250 reseptar per 1000 innbyggjarar per år.

Innlandet var på 253 reseptar i 2021. Kvalitetsforbetringsprosjektet Riktigere Antibiotikabruk i Kommunane (RAK) for legane i allmennpraksis vart gjennomført i Innlandet i 2018-2019.

Implementering av RAK legevakt i alle fylke er under planlegging gjennom Antibiotikasenteret for primærmedisin.



Figur 3.10 Tal reseptar antibiotika frå 2016-2021.

Foto: Folkehelseinstituttet (reseptregisteret.no).

Sjukeheimar deltok i prosjekt om antibiotikabruk

Sjukeheimar i Innlandet deltok i prosjektet Riktigere Antibiotikabruk i Sykehjem (RASK) 2017-2018. Prosjektet er vidareførd som e-læringskurs.

Alle sjukeheimar er pålagt å delta i dei nasjonale prevalensundersøkingane av helsetenenesteassoserte infeksjonar og antibiotikabruk etter [Forskrift om Norsk overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassoserte infeksjoner \(NOIS-registerforskriften\)](#).

Undersøkinga blir gjort to gonger i året. Eit 20-talls kommunar i Innlandet deltok våren 2022 (Folkehelseinstituttet, 2022).

Bruk av antibiotika ved sjukehusa

Forbruket av eit utval breispektra antibiotika i sjukehus i Noreg har vorte redusert med 11,8 % frå 2012 til 2021, men auka i 2020 og 2021, målt i tal daglege døgn dosar DDD/100 liggedøgn.

Tala i 2020 og 2021 må tolkast med varsemd på grunn av pandemien (Nasjonal kompetanseneste for antibiotikabruk i spesialisthelsetenesta, 2022).

Bruk av antibiotika i tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta har ansvar for å følge [nasjonale anbefalingar og forskrifter](#). 2014-2017 syner at tannlegane i Innlandet skriv ut antibiotika til sine pasientar i eit omfang lik dei aller fleste andre fylke. Unntaket er Viken, Møre- og Romsdal, Vestland og Agder, som bruker meir enn snittet i Noreg.

Oppdaterte tal frå [reseptarregistret hos Folkehelseinstituttet \(FHI\)](#) syner at tannlegane hadde ein markert redusert bruk fram til 2018, deretter har utskrivinga auka. Årsaka til dette er ikkje kjend.

Noreg brukar minst antibiotika i husdyrproduksjon i Europa

+

Norsk husdyrnæring, veterinærar og bønder har i ei årekke arbeidd med å redusere bruken av antibiotika. Noreg utmerkar seg blant dei landa som brukar minst antibiotika i husdyrproduksjonen.

Undersøkingar syner og at antibiotikaresistente bakteriar i norsk mat og i norsk husdyrhald førekjem sjeldan (Mattilsynet, 2022).

3.4.5 Kva er dei største truslane i Innlandet?

Innlandet har høgste andel eldre (67år+) i landet og vil få ei eldre befolkning i tida framover. Dette gjer oss sårbar på fleire måtar. [Du kan lese meir på innlandsstatistikk.no](#).

Det vil vere ein generell mangel på nøkkelpersonell som sjukepleiarar, helse-sjukepleiarar, fastlegar, kommunelegar og tannhelsepersonell. Innlandet har mange mindre kommunar som kan vere meir sårbare for å sikre tilstrekkeleg kvalifisert helsepersonell.

Det er viktig å oppretthalde den frivillige beredskapen i Innlandet, slik at lokalkunnskap, kompetanse og beredskap blir heldt i hevd og vidareutvikla.

Det er behov for ressursar til å bygge opp beredskapen, oppdatere og øve for å auke kompetansen. Dette må skje før og etter uønska hendingar, ikkje midt i ei pågåande krisehandtering.

Klimaendringar og smitte frå dyr til menneske

Klimaendringane kan påverke sjukdomsbiletet. Til dømes kan endring i temperaturen føre til at artar får ei anna utbreiing enn i dag.

Smittsame sjukdommar som blir spreidd frå dyr til menneske kan òg bli påverka av eit endra klima. FylkesROS 2022 har analysert smittsam menneskesjukdom. Scenariet tek for seg utbrot av blødningsfeber i fylket, og korleis dette kan utvikle seg i regionen og eventuelt nærliggande område.

Sjukdommen i scenariet er ein ny alvorleg virussjukdom som stammar frå dyr, som er innførd frå utlandet med turistar, og som rammar unge menneske hardast. Antatt dødeleighet er 30 % i Afrika, og det finst inga vaksine eller spesifikk behandling.

Lågt sannsyn

Sannsynet for eit slikt scenario er vurdert til å vere låg. Det er samfunnsverdiane «samfunnsstabilitet» og «liv og helse» som er rangert høgst i konsekvens. Korleis samfunnet og befolkninga vil kunne takle ein ny alvorleg sjukdom, med strenge tiltak, antek vi å gi dei største utfordringane.

Auka mobilitet i befolkninga

Innlandet har lang grense mot Sverige og dette gir oss både mogelegheiter og utfordringar.

Vi må samarbeide med våre svenske og europeiske naboor. Auka reising og innvandring kan påverke spreiinga av allmennfarlege smittsame sjukdommar.

Nasjonalt vaksinasjonsprogram – tillit og informasjon

Vi har til tross for god dekning, sett vaksinenøling/motstand, både i forhold til korona, men òg knytt til barnevaksinasjonsprogrammet. Kommunikasjon og informasjon er ei utfordring ein lyt løyse i samarbeid, for slik å halde vaksinasjonsgraden i Innlandet høg.

Mangel på viktige legemiddel

Legemiddelmangel er ei internasjonal utfordring. Produksjon av legemiddel er global og forsyningsskjeda er samansett og sårbar. Årsak til mangel kan vere mange. Tiltak for å avgrense produksjonsstopp og styrke tilgang til innsatsfaktorar og produsentar er viktig, både nasjonalt, nordisk og europeisk.

Helsedirektoratet har ansvaret for legemiddelberedskapen i Noreg og nasjonale beredskapslager. Legemiddelverket er fag- og tilsynsmyndighet. Spesialisthelsetenesta har ansvaret for beredskapslager for legemiddel som nyttast i spesialisthelsetenesta. Kommunane har beredskapsansvar for legemiddel som nyttast i kommunale institusjonar, som til dømes sjukeheimar.

Alle legemiddelgrossistar i Noreg er pålagt å ha eit ekstra lager av bestemde legemiddel som blir utlevert på apoteka, jf. grossistforskrifta. Det er lagt fram eit forslag til lovendringar innan innretning og forvaltning av legemiddelberedskapen i primærhelsetenesta.

3.4.6 Innlandet har sterke fagmiljø

Innlandet har sterke fagmiljø innan helse, beredskap, dyrehelse og bioteknologi. Innlandet har òg ein av svært få norske produsenter av legemiddel, Curida. Desse fagmiljøa bør styrkast og vidareutviklast for å møte utfordringane nemnd ovanfor.

Til dømes kan ein nemne digitalisering og utveksling av helseopplysningar mellom aktørane (til dømes mellom Politi, UDI og kommunane), utvikling av eit nasjonalt smittesporingsprogram og ikkje minst auke kompetansen i kommunane.

Arbeid for etablering av eit nasjonalt senter i Elverum

Det pågår eit arbeid for å etablere eit nasjonalt senter for krise-, pandemi- og legemiddelberedskap i Elverum i regi av Terningen innovasjonspark. Denne satsinga har nå fått namnet Norsk senter for beredskap og helseindustri.

Samarbeidspartnerane er blant andre Høgskulen i Innlandet, Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune, Curida, Regionrådet i Sør-Østerdal og kommunane Åmot og Elverum.

Arbeidet med nasjonalt lager for smittevernustyr

Etablering av eit nasjonalt beredskapslager er under utgreiing. Helsedirektoratet har òg varsla leiarane i den offentlege tannhelsetenesta i Noreg om ei komande høyring frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) om ei ny forskrift gjeldande frå 1. juli 2023.

Her vil det blant anna kome krav om at den fylkeskommunale tannhelsetenesta skal syte for lager av smittevernsutstyr tilsvarende seks månadars forbruk.

Tannhelse Innlandet har berekna kostnaden for eit slikt ekstraordinært kjøp til om lag 2,2 millionar kroner. I tillegg kjem kostnader til lagerhald.



Stengt riksgrense mot Sverige under pandemien.

Foto: Heimevernet/Samuel Andersen.

3.5 Digital infrastruktur og kraftforsyning

Digital infrastruktur og ei stabil kraftforsyning er avgjerande for eit velfungerande Innlandssamfunn.

Vi må vidareføre arbeidet med å sikre alle tilgang til breiband med høg hastigkeit og sikre tilstrekkeleg og robust kraftforsyning.

Berekraftige løysingar må prioriterast. Energieffektivisering må bidra til å redusere etterspurnaden etter meir bruk av kraft for å sikre samfunnet ei tilstrekkelege og sikker kraftforsyning.

3.5.1. Breiband med høg fart i heile Innlandet

Digital infrastruktur er tekniske system, datasamlingar og programsystem som er tilgjengelege for utvikling av tenester, både for private og offentlege aktørar. Desse er viktige for at samfunnet skal fungere.

Digital infrastruktur og innovativ bruk av IKT er ein stadig viktigare faktor for den enkelte kommune, verksemd og innbyggjar. Å sikre betre dekning, fart og robust breiband i heile Innlandet er avgjerande.

Mål om 100 % dekning innan 2025

I dag har omlag 80 % av befolkninga i Innlandet tilbod om høgfartsbreiband ifølge Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) si siste kartlegging. I tillegg kjem pågående utbyggingsprosjekt (igangsett eller avtalefesta utbygging).

Når desse er gjennomførte, vil 91 % av hushalda i Innlandet ha høgfartsbreiband. Målet er å ha 100 % dekning innan 2025. I dag har fleire kommunar i Innlandet nær 100 % dekning.

Samfunnskritisk infrastruktur

Digital infrastruktur er samfunnskritisk infrastruktur og må bli handtert deretter. I tillegg til å sikre 100 % breibanddekning i heile Innlandet, må vi fokusere på trygging og tilgjengeleighet (redundans) (St.meld. 29 (2020-2021) og Bredbåndstrategi 2021-2025 vedtatt av Innlandet fylkeskommune juni 2021).

Føresetnaden for dette er at det offentlege trygger utbyggingsar der det ikkje er grunnlag for kommersiell utbygging. Utfordringa i denne samanhengen er å sikre reell konkurranse mellom utbyggingsaktørar og leverandørar med omsyn til utbyggingskostnadene.

Offentlege bidrag til utbygging føreset at både den faste og mobile EKOM-infrastrukturen er robust nok.

Bortfall av EKOM

Scenarioet "Bortfall av EKOM" i FylkekesROS tek for seg ein situasjon der hovudlinjer i Innlandet sitt telenettet blir øydelagt av graving. Sannsynet for hendinga blir vurdert til middels. Halvparten av alle EKOM-brot skuldast graving. I tillegg kan sabotasje, vær, vind og teknisk alvorlege feil også føre til bortfall.

Dette blir forklart gjennom brei erfaring med mindre bortfall av telenettet, men få større bortfall. Samstundes gjer samfunnet seg forløpende meir avhengig av EKOM-system, noko som også påverkar sannsynet for ei slik hending.

Hendinga kan føre til auka sårbarheit og stor påverknad på kvarldagen til befolkninga. Det vil opplevast som eit forventningsbrot og gi stor uvisse.

Trygg kommunikasjon

Høghastigheitsbreiband i heile Innlandet, både fast og mobil, er nødvendig for varsling ved hendingar og tenestetilbod til befolkninga. Dermed er dette ein nødvendig føresetnad for samfunnstryggleik og beredskap.

I tillegg vil det ha stor betydning for å sikre konkurranseskrafta og verdiskapinga til næringslivet.

Høghastigheitsbreiband er også viktig for å sikre fornying av offentleg sektor og tilgjengeleighet til offentlege tenester og dermed tenesteproduksjon. Dette er igjen viktig for å halde oppe busetnadsmønsteret i Innlandet.

Fylkeskommunane bør ha ei tydeleg rolle

Fylkeskommunane bør framleis ha ei aktiv og tydeleg koordinator- og pådrivarrolle for utviklinga av den regionale EKOM-infrastrukturen i åra framover.

God samhandling mellom utbyggingsaktørar, kommunar, fylkeskommunane, staten og statsforvaltaren er viktig for å oppnå EKOM-politiske mål.

3.5.2. Samfunnet er avhengig av ei sikker kraftforsyning

Ein stor del av dei samfunnskritiske funksjonane og systema er avhengige av tilstrekkeleg mengde og jamn straumforsyning kvar dag, året rundt. Det same er befolkninga, det offentlege og næringslivet, inkludert landbruket.


Vi er med andre ord sårbare ved bortfall av elektrisk kraft over både kortare og lengre tidsrom.

Vi treng meir kraft

På grunn av etterspurnaden etter grøn energi ser vi eit auka behov for elektrisk kraft (spesielt innan kraftkrevjande industri, oppvarming og transport). Vi har derfor behov for å auke produksjonen.

NRK gjengen denne illustrasjonen i desember 2021:

Noreg si framtidige kraftbalanse



Figur 3.11 Framskrivning av kraftbalansen i Noreg (NRK).

Låg fyllingsgrad

Nasjonale og internasjonale utfordringar dei siste vintrane med lite nedbør, har ført til at fyllingsgraden i perioder har vore låg i vassmagasina.

Nedbygging av kull og kjernekraft er sett i gang i Europa. Tilgangen til gass i Europa er låg av fleire årsaker.

I sum har dette medført at straumprisen har vore, og vil vere, høg framover. Vi er usikre på kva langvarige høge prisar vil ha å seie for både forbrukarar og næringsliv. Meir kunnskap om konsekvensane må hentast inn.

Svikt i kraftforsyninga har høgst risiko

Svikt i kraftforsyninga er scenarioet med høgst risiko i FylkesROS. Dette scenarioet tek for seg ein kald vinter med knappleik på straum og ei avgjerd om rasjonering.

Utviklinga i seinare tid har vist at dette no er eit meir sannsynleg scenario. I tråd med analysen bør førebuingar for dette scenarioet bli følgd opp raskt. Svikt i kraftforsyninga vil påverke heile samfunnet og stille store krav til handteringa for å dekke dei grunnleggande behova våre.

Konsekvensane som trekk scenarioet opp i risikobiletet, er samfunnsstabilitet, materielle verdiar, demokratiske verdiar og styringsevne.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har òg sett i gong eit arbeid med å revidere sitt scenario knytt til dette. Resultatet frå dette føreligg ikkje per november 2022.

Større sannsyn for restriksjonar og rasjonering enn tidlegare

Det er stort sannsyn for at vi kan oppleve restriksjonar, rasjonering eller andre negative konsekvensar fordi press på produksjon, distribusjon og eksport av straum har auka.

Det er forventa ytterlegare forverring framover, og klimaendringar aukar sannsynet for store endringar som følge av større variasjonar i værsystem over tid. Internasjonale konfliktar der energi blir nytta som maktmiddel, gjer at situasjonen ikkje er føreseieleg.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ein rettleiar for rasjonering i kraftsystemet. Denne er frå 2005 og er per november 2022 til revisjon.

Du kan lese meir om rasjonering på NVE sine eigne nettsider.

Konsekvensane for materielle verdiar og produksjon av varer og tenester vil bli råka ved utkopling og påverke dei fleste samfunnsområda. Rasjonering av straum endrar føresetnadene samfunnet har operert under, noko som vil føre til svært mykje uvisse.

Bruk av andre energikjelder

Moglegheitsrommet rundt utfordringane med kraftforsyning er knytt til auka medvit rundt forbruk av straum og energi, i tillegg til utvikling og bruk av andre energikjelder. Døme på dette er private/individuelle solcelleanlegg.

Auka bruk av vatn, jordvarme, bioenergi og eventuelt kjernekraft er døme på energiløysingar som bør bli utgreia vidare.

På bakgrunn av samfunnet sin avhengnad av kraftforsyning er det rimeleg at ein over tid vil utvikle ein ny type verdikjede for straumleveranse. Dette for å minimalisere sårbarheita og avhengnaden av andre aktørar i den internasjonale samhandlinga.

Gamle anlegg

Luftlinjene i regionalnettet er delvis langt på overtid av sin tekniske og økonomiske levetid. Saman med Innlandet si demografiske utvikling og busetnadsmønster, kan dette gi oss utfordringar med prioriteringa av kor tiltak skal bli gjennomført. Regional overføringskapasitet mellom landsdelar bør bli styrka.

Mange kraftransformatorer i Innlandet er gamle og det er behov for å reinvestere i ein betydeleg del av desse anlegga i åra framover (Elvia, 2022).



Fuglar på straumleidning.

Foto: Arne Roar Nygård.



Låg vassstand på Tyin i tørkeperioden i 2018.

Foto: Noregs vassdrags- og energidirektorat.

3.6 Cyber- og informasjonstryggleik

Velfungerande digitale tenester er nødvendige i dagens samfunn.

Cybertryggleik omhandlar forsvar og tiltak mot vondsinna handlingar som blir utførd av ein trusselaktør, ikkje uhell og feil som oppstår. I motsetnad til data- og informasjonstryggleik dekker cybertryggleik angrep der målet ikkje er teknologien og informasjonen i seg sjølv, men blir brukt for å oppnå andre mål.

Vi må saman auke og dele kompetanse om cyber- og informasjonstryggleik i Innlandet. Forvaltning og planlegging må basere seg på oppdatert kunnskap om det digitale trusselbiletet.

Kompetanseinstitusjonar må vidareutviklast og bidra til dette.

3.6.1 Cyberangrep mot Noreg betyr cyberangrep mot Innlandet

I følge Nasjonal sikkerheitsmyndighet (NSM) sin rapport Risiko 2022 er det eit taktskifte i cyberaktiviteten mot Noreg, noko som skjerpar den digitale risikoen.

Frå 2019 til 2021 har NSM sett ei tredobling i talet på alvorlege hendingar og cyberoperasjonar. Framande etterretningstenester står for ein stor del av denne aktiviteten.

Høg risiko for alvorlege cyberoperasjonar

Risikoene for alvorlege cyberoperasjonar er høg, og den aukar for verksemder som arbeider med utanriks-, forsvars- og tryggingspolitikk.

Det same gjeld verksemder som driv forsking og utvikling innan forsvar, helse, maritim teknologi, petroleum og romfart.

Det er òg ei kraftig auke i digital utpressing og sabotasje, såkalla lauspengevirus eller ransomware. Både her heime og i andre land har slike hendingar fått omfattande konsekvensar ved at system blir lamma og viktige tenester stoppar.

Kjende cyberangrep

2021 starta med angrepet mot Østre Toten kommune, eit angrep som kosta kommunen over 30 millionar kroner.

Same år vart avslutta med cyberangrep mot matvareprodusenten Nortura, mediekonsernet Amedia og Nordland fylkeskommune.



1. Identifisere og kartlegge	2. Trygge og oppretthalde	2. Trygge og oppretthalde	3. Oppdage	4. Handtere og gjenopprette
1.1 Kartlegg strukturar for styring, leveranser og understøttande system.	2.1 Ivareta tryggleik i prosessar for anskaffing og utvikling.	2.2 Etabler ein trygg IKT-arkitektur.	3.1 Oppdag og fjern kjende sårbarheiter og truslar.	4.1 Førebu verksemda på handtering av hendingar.
1.2 Kartlegg eininger og programvare.	2.3 Ivareta ein trygg konfigurasjon.	2.4 Trygge verksemda sitt nettverk.	3.2 Etabler tryggleiksovervakning.	4.2 Vurder og klassifiser hendingar.
1.3 Kartlegg brukarar og behov for tilgang.	2.5 Kontroll dataflyt.	2.6 Ha kontroll på identitetar og tilgongar.	3.3 Analyser data frå tryggleiksovervakninga.	4.3 Kontroller og handter hendingar.

1. Identifisere og kartlegge	2. Trygge og oppretthalde	2. Trygge og oppretthalde	3. Oppdage	4. Handtere og gjenopprette
	2.7 Trygge data i ro og i transitt.	2.8 Trygge e-post og nettlesar.	3.4 Gjennomfør testar for inntrynging.	4.4 Evaluer og lær av hendingar.
	2.9 Etabler evne til gjenopprettning av data.	2.10 Integrer tryggleik i prosess for handtering av endring.		

Figur 3.12 syner NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik.

NSM vurderer at gapet aukar mellom trusselen og tryggingsnivået i norske verksemder og samfunnsfunksjonar. Mange av tryggingstiltaka som eksisterer, er ikkje dimensjonerte for det reelle trusselbiletet. Eller dei blir ikkje innført raskt nok når nye sårbarheiter oppstår.

3.6.2 Tilstrekkeleg kompetanse er avgjerande

Innlandet følger det nasjonale trusselbiletet som blant annet NSM og DSB skisserer både for våre verksemder, det offentlege og innbyggjarane våre.

Utsette aktørar i Innlandet

I tillegg har vi nokre aktørar i Innlandet, som mellom anna på grunn av krig i Ukraina og straumkrise, kan reknast som ekstra utsette mål. Dette gjeld mellom anna forsvarsteknologien på Raufoss, i tillegg til straum og kraftaktørar i fylket vårt.

Innlandet har mange små kommunar spreidd over heile fylket. Å ha tilstrekkeleg cyberkompetanse i desse mindre kommunane kan vere krevjande.

Nærast daglege hackerangrep

Denne utfordringa heng saman med fylkesROS-scenarioet "Cyberhending". I dette scenarioet er det snakk om at lauspengevirus mot mange kommunar i Innlandet har høg risiko.

Hackerangrep skjer nærest dagleg, og det er tilfeldig kven som blir ramma. Nokre angrep gjer liten skade, andre kan øydelegge verksemder.

Analysen framhevar at risikoområdet framleis er nytt for mange sektorar. Kunnskap, kompetanse og kapasitet til førebygging og handtering vil vere avgjerande for korleis samfunnet blir påverka av cyberhendingar.

Her er det erfaringar å hente frå cyberangrepet i Østre Toten.

Natt til laurdag 9. januar 2021 vart Østre Toten kommune utsett for eit kraftig lausepengevirus. Det førte til at heile den kommunale tenesteleveransen, med nokre få unntak, vart ramma.

Tilsette mista tilgangen til IKT-systema, og store delar av dataene til kommunen vart kryptert og tryggingskopiar sletta. Ein rapport frå KPMG konkluderer med at svak eller mangefull tryggingsstyring gjorde det mogeleg å gjennomføre det omfattande angrepet mot Østre Toten kommune.

(KPMG: IKT-sikkerhet i Østre Toten kommune forut for dataangrepet 9. januar 2021).

3.6.3 Innlandet har sterke kompetansemiljø

I Innlandet har vi to store kompetanseleverandørar innan cyber. Det er NTNU på Gjøvik og Cyberforsvaret på Jørstadmoen leir på Lillehammer.

NTNU gir Innlandet store mogelegheiter

Ved NTNU er det om lag 350 bachelorstudentar og 350 mastestudentar innan digital infrastruktur og cybertryggleik. NTNU sin posisjon nasjonalt og internasjonalt gir Innlandet store mogelegheiter.

Det er NTNU Gjøvik som lei Norwegian center for cyber security in critical sectors (SFI NORCICS) i planperioden. Dette er viktig for å bygge kunnskap innan cybertryggleik, både i industrien og i kritisk infrastruktur i samfunnet.

Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) er den største sentersatsinga til norsk forskningsråd, med mål om å styrke og vidareutvikle leiande og nyskapande forskings- og innovasjonsmiljø eller for å bygge opp forskningsmiljø på strategisk viktige områder.

Cyberforsvaret blir stadig viktigare

Cyberforsvaret skal verne Forsvaret mot hackarar, dataangrep og andre digitale truslar. Dei skal òg ta i bruk teknologi som kan styrke den operative evna til Forsvaret.

Jobben Cyberforsvaret gjer, blir derfor stadig viktigare. Cyberingeniørskulen ved Forsvarets høgskule på Jørstadmoen utdannar årleg 40 cyberingeniørar.

Cyberland-satsinga styrkar samarbeidet

Gjennom satsinga Cyberland har fylkeskommunen saman med Gjøvikregionen Utvikling, Lillehammerregionen Vekst, NTNU, Cyberforsvaret og Statsforvaltaren arbeidd målretta med å styrke satsinga innan cyber i Innlandet.

Framover blir det viktig å jobbe vidare med å styrke samarbeidet mellom kommunar, det offentlege, næringslivet, Forsvaret og universitets- og høgskolesektoren innan dette området.

Kommune C-SIRT (ressurssenter)

+

Kommune-C-SIRT støttar kommunar og fylkeskommunar med relevant informasjon om truslar, hendingar og sårbarheiter i det digitale domenet.

C-SIRT-en er eit ressurssenter for praktisk rettleiing og støtte ved cyberhendingar og andre digitale utfordringar i kommunesektoren.

[Du kan lese meir om CSIRT-ordninga her.](#)

Cyberland-prosjektet

+

"Cyberlandet" vart lansert i 2017 i møte med stortingsbenken, som eit namn på at Innlandet har Noreg sitt tyngste kompetansemiljø innan cyber- og informasjonstryggleik.

Cyberland-prosjektet vart etablert i 2018 av eigarane; fylkeskommunen (Oppland), Lillehammerregionen Vekst og Gjøvikregionen Utvikling i tett samarbeid med NTNU og Cyberforsvaret.

Målsettinga for Cyberland-prosjektet er å koordinere og støtte opp arbeidet innan cyber- og informasjonstryggleik som samlar partnarar i akademia, næringsliv og Cyberforsvaret.

I 2022 vart Noreg si første næringsklynge for cyber etablert.

[Les meir om næringsklynga for cyber her](#) (adresse fram til 2023).



Hacker som prøver eit dataangeplag.

Foto: Mostphotos.

3.7 Drikkevatn og avløp

Vatn- og avløpstenestene sikrar reint vatn i springen og reint vatn i naturen. Eigarane av infrastrukturen må sikre god oversikt over tilstanden på eigen infrastruktur og kritiske punkt på denne.

Vi må arbeide systematisk saman for å følge opp dei svakheitene vi har. Drikkevassforsyninga i Innlandet må vere robust.

Svikt i vassforsyning og handtering av avløp vil ha store konsekvensar for blant anna helse, miljø og tryggleik.

Ei trygg og stabil vassforsyning er ein føresetnad for å oppretthalde tilnærma alle kritiske samfunnsfunksjonar i eit moderne samfunn.

Langvarig bortfall er ei alvorleg hending og vil sette liv og helse i fare. Innlandet har fleire sterke fagmiljø innan dette temaet. Norsk Vann og Hias IKS er døme på dette.

3.7.1 Halvparten av oss får drikkevatn frå grunnvatn

I Innlandet har om lag 70 % av befolkninga drikkevatn frå større kommunale vassverk. Resten av befolkninga har i dag si eiga, private vassforsyning. For landet totalt er det 10 % som har privat vassforsyning.

I Noreg nyttar vi i stor grad overflatevatn som drikkevasskjelde. I Innlandet får heile 54 % av befolkninga drikkevatnet sitt frå grunnvatn (SSB).

- [Drikkevassforskrifta](#)
- [Rettleiar til drikkevassforskrifta](#)

Reservevassforsyning og nødvatn

Beskyttelse av vasskjeldene, vassbehandling, trygg distribusjon og kvalitetskontroll er fire viktige premiss for å få eit godt og trygt drikkevatn i krana.

I [drikkevassforskrifta](#) står det at vassverkseigar skal sikre at vassforsyningssystemet kan levere tilstrekkeleg mengde drikkevatn til ein kvar tid.

Abonnentane skal òg sikrast nødvatn. Ei alternativ forsyning er viktig for beredskapen til vassforsyningssystemet. Mange vassforsyningssystem i Innlandet manglar alternativ forsyning som kan levere drikkevatn over tid.

Nesten alle vassverk i Innlandet har beredskapsplanar. 32 % av dei har hatt beredskapsøving siste år.

Mjøsa er Noreg si største drikkevasskjelde

+

Mjøsa har eit overflateareal på 362 kvadratkilometer, og er målt til 453 meter på det djupaste. Mjøsa er drikkevasskjelde for om lag 80 000 menneske, og avløpsvatn blir ført tilbake til innsjøen når det er ferdig reinsa.

Få personar i Innlandet til å dele på kostnadane

I Innlandet har vi totalt 4 725 km avløpsleidningar og 5 311 km vassleidningar (SSB). Dette svarar til 55 innbyggjarar per km avløpsleidning og 49 innbyggjarar per km vassleidning.

På landsbasis er det omrent dobbelt så mange abonnentar per km vass- og avløpsleidning som i Innlandet.

Innlandet har derfor få personar som skal dele på kostnadane ved å halde vass- og avløpsleidningane ved like.

31 % lekkasje på landsbasis

Distribusjonssystema som leiar vatn og avløp kan forringe kvaliteten på drikkevatnet dersom det oppstår ei hending eller brot i leveringa. Distribusjonsnettet for vatn består av mange komponentar som leidningar, høgdebasseng og pumpestasjonar.

Dårleg tilstand på distribusjonssystemet gjer drikkevatnet meir sårbart for forureining. Vasslekkasjar er ein indikator på tilstanden til vassleidningane. Vi veit at på landsbasis lek omlag 31 % av drikkevatnet ut av leidningane på veg til abonnentane.

Avløpsleidningar

Distribusjonssystemet for avløp består av stikkleidningar der abonnentane er knytt til det kommunale avløpsnettet, kommunale avløpsleidningar og pumpestasjonar som fraktar avløpsvatnet til eit reinseanlegg.

Ved reinseanlegget blir avløpsvatnet reinsa før det vert slept ut i ei elv eller innsjø. Avløpsleidningane er sårbare for lekkasjar og innlekk av framandvatn. Delen framandvatn er på landsbasis oppgitt til å vere omlag 50 % ([bedreVANN, 2021](#)).

Kor mykje avlaup som lek ut av avlaupsleidningane på veg til avlaupsreinseanlegg har vi ikkje god oversikt over.

Innlandet har både store og små anlegg


Vi delar reinseanlegga inn i store (over 50 PE) og små anlegg (under 50 PE). I Innlandet har vi totalt 226 store anlegg og 53 890 mindre anlegg.

Dei store anlegga samlar avløp frå fleire personar, reinsar dette og slepp det ut på eit felles utsleppspunkt. Dei store anlegga er ofte meir avanserte og har fleire reinsetrinn for avløpet.

Dei små anlegga har oftast berre ein eller nokre få husstandar kopla til. Dei er mindre avanserte og nyttar seg ofte av reising via infiltrasjon i grunnen. Utslepp frå avlopssanlegg kan ha ein negativ påverknad på miljøet.

Avrenning frå mindre avlopsanlegg som ikkje held reinsekrava er registrert som ein påverknad på over 1000 elver, bekker og sjøar i Innlandet.

Diffus avrenning frå spreidd avløp



Figur 3.13 Diffus avrenning frå spreidd avløp.

3.7.2 Vi må sikre drikkevasskjeldene og sørge for reservevatn

Vi har store vassressursar i Innlandet, og mange gode kjelder til drikkevatn. Desse må vi trygge og forvalte på ein god måte.

Sårbart overflatevatn

Overflatevatn er sårbart, og blir påverka av endringar i aktivitet i terrenget i større grad enn om vi tek vatnet ut frå eit godt trygga grunnvassmagasin.

På den andre sida vil ei forureining av grunnvatnet ta lengre tid å rette opp enn tilsvarande i ei kjelde på overflata (Mattilsynet, 2018).

Kor mykje den enkelte drikkevasskjelde er trygga mot forureining vil ofte vere ein kombinasjon av mange tiltak. Truslane mot vasskvaliteten er mange.

Auka utbygging og auka ferdsel ved vasskjeldene er døme på dette, og det er derfor viktig med ei restriktiv arealforvaltning i nærleiken til drikkevasskjeldene.

Auka mengde avrenning til vasskjeldene

Klimaendringane, overvassproblematikk og flaum fører til auka mengde avrenning til vasskjeldene.

Anlegga for vasshandsaming må derfor kunne møte endra behov for reinsing. Distribusjonssystemet må kunne frakte vatnet trygt fram til kranane, og det må vere ein beredskap som kan redusere konsekvensane av hendingar i vassforsyninga.

For å vere førebudd på uventa hendingar, må talet på beredskapsøvingar vere på minimum same nivå som i dag.

Reservevasskjelde og nødvatn må vere tilgjengeleg

Det må vere reservevasskjelde og nødvatn tilgjengeleg for å sikre ei robust vassforsyning for befolkninga.

Her treng vi ei samla og fullstendig oversikt over kommunar som har reservevassforsyning, og vi må få etablert reservevasskjelde der det manglar.

3.7.3 Leidningsnettet er omfattande og har varierande kvalitet

Det er stort behov for fornying av leidningsnettet for å unngå brot og fjerne feilkoplingar. Dette for å unngå framandvatn på leidningsnettet og unngå lekkasjar ut av leidningsnettet.

Det er anslått at investeringsbehovet for leidningsnettet for drikkevatn er 81 milliardar kroner og for avløpsleidningar 114 milliardar fram til 2040 (Norsk Vann, 2021).

Investeringsbehovet i Innlandet er totalt berekna til 12,3 milliardar for vassleidningar og 17,4 milliardar for avløpsleidningar. Eit auka oppgraderingsbehov fører til at vatn- og avløpsgebyra er venta å meir enn doble seg fram mot 2040 (Norsk Vann, [va-finansiering.no](#)).

Framandvatn

+

Framandvatn (overvatn, regnvatn og forureina vatn) kan sige inn i leidningsnettet for avløp og drikkevatn. For avløp bidreg innsig av framandvatn til auka belastning på reinseanlegga, därlegare reinsefunksjon og høgare utgifter til drift.

For drikkevatn kan innsig av forureina framandvatn få store konsekvensar for kvaliteten på drikkevatnet ut til forbrukaren.

I framtida er det venta meir nedbør og fleire episodar med kraftig regn, som kan gi meir påverknad frå framandvatn. Dette kan derfor bli ei større utfordring i framtida (Klimaprofilane).

Lekkasjar

+

Lekkasje frå leidningsnettet for avløp kan få store miljøkonsekvensar. Dette gjeld spesielt i område der resipientar (bekk, elv, innsjø, myr og hav) er sårbare.

Lekkasjar frå leidningsnett for drikkevatn har først og fremst økonomiske konsekvensar for vassverkseigarane.

3.7.4 Vi har mange små reinseanlegg i Innlandet

Godt drikkevatn er avhengig at god råvasskvalitet. Utsleppet frå avløpsanlegga må tilføre minst mogeleg forureining til vasskjeldene.

Fleire av dei større reinseanlegga manglar i dag eit ekstra reinsesteg (sekundærreinsing) som vil sikre vassressursane betre.

Vi har mange små reinseanlegg i Innlandet, og det er eit stort behov for å oppgradere mange av desse.

Du kan lese dei regionale planane for vassforvaltning [her](#).

Utsleppa frå Innlandet går via Mjøsa og vidare via Glomma og påverkar òg miljøtilstanden i Oslofjorden. Tilstanden i Oslofjorden er no so dårlig at ein må tenke på utsleppa frå heile nedbørssfeltet for å betre tilstanden (Miljødirektoratet, 2019).

3.7.5 Slam som ressurs

Innlandet har mykje jordbruk, noko som gir gode moglegheiter til å utnytta slammet frå avløpsreinsinga som ein ressurs i staden for at dette blir eit avfall.

Slam kan nyttast som gjødsel, men fosfor i avløpsslam kan vere vanskeleg å utnytte på ein god måte. Vi treng nye metodar for å reinse fosfor frå avløpsvatn.

Biologisk fosforreinsing frå Hias IKS (Kjend som Hias-prosessen) er ein metode som kan gi betre gjødsel til bruk i landbruket. Betre nytting av fosfor frå slam gir mindre behov for å bruke kunstgjødsel i landbruket.



Brygge ved Mjøsa, Innlandet si største drikkevasskjelde.

Foto: Sissel Skjervum Bjerkehagen.



Arbeid med VA-anlegg. Graving i Brugata på Kongsvinger.

Foto: Ingrid Rindal Øvsteng/Innlandet fylkeskommune.

3.8 Transport på veg og bane

Infrastrukturen for veg og bane bind Innlandet saman og er viktig for transport og mobilitet i Noreg.

Må sikre god oversikt over tilstanden

Eigarane av infrastruktur må sikre god oversikt over tilstanden på eigen infrastruktur og kritiske punkt på denne. Vidare må vi arbeide systematisk saman for å følge opp dei svakhetene vi har. Infrastrukturen i Innlandet må tilpasse seg eit klima i endring.

Innlandet bind landet saman med infrastruktur som er viktig for både nasjonal og internasjonal transport. Dette gjeld både veg og bane, gods- og persontransport.


Eit funksjonelt og livskraftig samfunn krev at transportmogelegheitene på vegane i Innlandet, men òg til og frå regionen, er gode og stabile.

Mest trafikk på E6

Innlandet sine fylkesvegar dekker 65 % av veglengda til staten sine riks- og europavegar. God framkomst på vegane i Innlandet er særskilt viktig, både for fylket vårt og for Noreg.

Dei viktigaste transportkorridorene på veg er:

E6, som har mest trafikk etter nord- og sør-korridoren, men òg riksveg 4 er ein viktig korridor i nord-sør-aksen. Riksveg 3 fraktar størst verdiar, og det er beregna at riksveg 3 mellom Elverum og Ulsberg fraktar verdiar for 336 milliardar kroner kvart år (Statens vegvesen, 2023). Det svarar til om lag 20 % av statsbudsjettet. I aust-vest-aksa er følgande europa- og riksvegar viktige forbindelsar, både med omsyn til trafikkmengde og verdiskaping: E16, E136 og riksveg 15.



Figur 3.14 Årsdøgntrafikk (ÅDT) på vegnettet i Innlandet (Statens vegvesen).

Innlandet har eit omfattande banenett

Innlandet er eit jernbanefylke, med eit omfattande banenett som trafikkerer regiontog, fjerntog og godstog.

Regiontoga (Intercity) knyt saman den regionale bu- og arbeidsmarknaden på Austlandet. Det er om lag tre millionar passasjerar årleg på toga mellom Oslo og Lillehammer.

Skogindustrien er heilt avhengig av å kunne transportere tømmer på jernbane, der nesten tre millionar kbm. med tømmer, eller omlag 1/3 av det totale hogstkvantumet, blir frakta med tog.

Noreg er eit stort vegfylke

Innlandet fylkeskommune er, etter Staten, Noreg sin største vegeigar med 6 800 km fylkesveg. I Innlandet er det også 1 600 km med riksvegar som skal driftast og haldast i stand. I tillegg kjem 2 150 bruver, der 1 230 bruver er på fylkesvegane.

Halvparten av bruene på fylkesvegane er over 50 år gamle. Forfallet på fylkesvegane er utrekna til å vere mellom fem og seks milliardar kroner (truleg større). Dette er svært alvorleg, og eit trugsmål for både trafikktryggleik, framkomst og samfunnstryggleik.

Fleire alvorlege hendingar

Fleire store flaumar, ras og alvorlege ulykker har råka infrastrukturen i Innlandet. Hendingane har synt at store deler av innbyggjarane og næringslivet kan bli hardt råka i slike situasjonar. Denne delen av infrastrukturen er kritisk for den nasjonale samfunnstryggleiken.

Staten har dei seinare åra brukt store ressursar på å bygge ut E6 fram til Moelv, E6 i Gudbrandsdalen, E16 i Valdres, rv. 4 på Hadeland og rv. 3 i Østerdalen, i tillegg til Dovrebana mellom Hamar og Eidsvoll.

Det står framleis att lange strekningar og sårbare punkt med behov for investeringar.

Viktig at staten prioriterer midlar


Det er viktig at staten hald fram med å prioritere midlar til investering og vedlikehald på hovudinfrastrukturen i Innlandet.

På den måten kan infrastrukturen haldast oppe, og syte moglegheiter for omkjøring og bruk av alternative transportmidlar. Transportsystemet må vere so godt at transporten kan halde fram ved hendingar.

DSB har utarbeidd eit digitalt kart

DSB har utarbeida eit eige digitalt kart med oversikt over sårbare infrastruktur, transport av farleg gods, vegar som er stengt med bom med meir.

Dette kartet kan vere til stor hjelp i den strategiske og operative planlegginga av samfunnstryggleiken knytt til infrastruktur.



Figur 3.15 Farleg gods på veg (DSB, 2012). Vi har ikke tilgang til meir oppdaterte tal på dette.

3.8.1 Infrastrukturen er utsett for naturfare og klimaendringar

I dalstroka, der infrastrukturen ligg i dalbotn tett ved dei store elvane, kan flaumepisodar og ras/skred utgjere ein alvorleg trussel for infrastrukturen.

Flaumane i 1995, 2011 og 2013 synte at ikkje berre Innlandet, men òg store deler av resten av landet, blir råka når E6, rv. 3 og Dovrebana blir stengde som følge av flaum og ras/skred.

Investeringar i flaumsikring, god drenering og gode varslingsrutinar, er viktige tiltak for å førebygge skadar og for å sikre at transportårene kan vere opne.

Når det kjem til dimensjonering av tiltak for å handtere overvatn og flaumvatn på ein måte som ikkje gjer at transportinfrastrukturen blir skadelidande, må dette ivaretakast gjennom ei kunnskapsbasert arealplanlegging.

Styrtregn kan gje skade på infrastruktur

Vi har i tillegg fleire døme på at styrtregn og flaum i sideelver og bekkar oppstraums riksvegar og jernbane i Innlandet, kan gje skader og brot på nasjonal infrastruktur i Innlandet.

Det er derfor viktig at flaumsikringstiltak følger elvestrengane heile vegen oppover dalsidene for å sikre at flaumvatn ikkje gjer skade på infrastrukturen. For å lykkast i dette arbeidet må kommunane, grunneigarar, fylkeskommunen og nasjonale styresmakter samarbeide om tiltaka.


Metode for visualisering av linjer for drenering og forseinking

Som eit tiltak til planprogrammet for Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag vart det utarbeida ein metode for å visualisere mogelege linjer for drenering og forseinkingar i terrenget.

Dette er basert på høgdedata frå Nasjonal detaljert høgdemodell og opplysningar om kritiske punkt (bekkelukkingar, kulvertar, stikkrenner med meir).

Metoden er nytta av Kartverket til å lage ferdige kartlag for alle kommunane i Innlandet, og blir oppdatert når det føreligg nye grunnlagsdata.

Datasetta er visualisert i kartløysinga InnlandsGIS, og distribuert til kommunane.



Figur 3.16 Dreneringslinjer. Døme frå Ringebu kommune. Raud farge indikerer vatn ved stengde stikkrenner. Blå farge indikerer vatn ved åpne stikkrenner.

Foto: InnlandsGIS

Scenarioet svikt i transportevna


I FylkesROS har scenarioet "Svikt i transportevna" som følge av flaum blitt vurdert til å ha høgt sannsyn, mens samla konsekvens er vurdert som middels. Det er forventa at klimaendringar forsterkar negativ effekt av konsekvensar.

Flaum og jord/flaumskred

Som ein del av kunnskapsgrunnlaget for Regional plan for miljø, klima og energi i Innlandet, er det utført ei analyse over kor mange dekar av transportareala som er utsett for naturfare.

Figur 3.17 syner at Kongsvinger og Sør-Østerdal har ganske høg andel med transportareal som er utsett for flaum, medan Gudbrandsdalen og Valdres har ein del transportareal som både er utsett for flaum og jord/flaumskred (Rambøll, 2022).

Transportarealer i etter region og naturfare



Figur 3.17 Transportareal etter region og naturfare (SSB og NVE).

Omkøyring

Manglende mogelegheiter for omkøyring ved stenging av europa- eller riksvegane, kan vere kritisk for liv og helse i lokalsamfunna. Dette kan òg gie store ulemper og kostnader for næringstransporten som ofte må køyre lange omvegar for å kome fram.

1 948 km av vegnettet i Innlandet er definert som lokal omkjøringsrute for riksveg. Dette er for det meste fylkesvegar som i liten grad er dimensjonert for å handtere til dels omfattande omkjøyringar for riksvegtrafikken.

Sårbare punkt på riks- og fylkesvegnettet i Innlandet

+

Statens vegvesen og Innlandet fylkeskommune har gjennomført VegROS-analyse for riksvegar og dei viktigaste fylkesvegane (funksjonsklasse B). Gjennom denne analysen er det identifisert, vurdert og rangert risiko og sårbarheit for brot i vegnettet knytt til naturfare og eller andre type risikofaktorar.

Vegeigarane avgjer sjølv kva slags tiltak som skal gjennomførast for å sikre vegane.


Det er viktig at nasjonale myndigheiter blir utfordra når det gjeld spørsmålet om korleis ein skal sikre omkjøringsmogelegheiter og beredskap for riksvegnettet på fylkesvegar som blir berørt.

Innlandet har mange gamle bruer på fylkesvegnettet

Innlandet har mange gamle bruer, med stort behov for vedlikehald og fornying. Desse bruene representerer ein samfunnskritisk del av infrastrukturen.

Det er viktig å følge utviklinga av tilstanden nøyne, og følge opp med nødvendige tiltak slik at ikkje samfunnet blir råka.

Brukollapsen på Tretten i august 2022, skjedde på ei bru som berre var ti år gammal. Uavhengig av orsak, syner denne alvorlege ulykka kor sårbart samfunnet vårt er. Berre tilfeldige omstende gjorde at menneskeliv ikkje gjekk tapt.



Kollaps Tretten bru, 15. august 2022.

Foto: Erik Rebne Larsstuen/Statens vegvesen

Modulvogntog gir oss mogelegheiter, men òg utfordringar

Ei utvikling med stadig meir gods som blir transportert på veg, krav om auka totalvekt og lengre køyretøy (modulvogntog skal maksimalt vere 25,25 meter og ha ei totalvekt på maksimalt 60 tonn) gir nye mogelegheiter for næringslivet i Innlandet. Men, dette er òg ei stor utfordring for mange av fylkesvegane, som i liten grad er tilpassa denne utviklinga.

Per november 2022 er om lag 1 500 km fylkesvegnettet opna for modulvogntog.

Det trengs derfor meir midlar til utbetring og forsterking av både vegar og bruar og for å møte denne utviklinga.

3.8.2 Vidare utbygging av infrastruktur er viktig

Innlandet har mange kilometer med nasjonal veg og jernbane som er knytt saman. Ein skulle tru at mogleighetene for omkjøringsvegar og alternative transportmiddel for nasjonal og gjennomgående transport ved hendingar er ganske god, sjølv om det ofte vil føre til lengre omkjøringar.

Liten grad dimensjonert for større køyretøy

Sidan fylkesvegnettet i liten grad er dimensjonert for å takle større køyretøy og mykje trafikk over lengre tid, fører dette til at mogleighetene for omkjøring ikkje er tilfredsstillande.

Vedlikehaldsbehovet på fylkesvegane våre er som nemnd svært stort. Med mindre dei økonomiske rammene aukar vesentleg, vil midlane fylkeskommunen rår over bli prioritert inn mot vedlikehald og mindre utbetring framfor nybygging.

Vidare utbygging av riksvegar vil vere dimensjonert for 200-årsflaum

Vidare utbygging av riksvegar vil gi tryggare og betre vegar, som vil vere dimensjonert for 200-årsflaum.

I samband med utbygginga av riksvegane, er det mogeleg å få rusta opp parallelle fylkesvegar som skal fungere som omkjøring- og beredskapsvegar. Dette gjer vegsystemet i Innlandet meir robust til å takle hendingar.

3.8.3 Meir godstransport på bane

Det har gjennom fleire år vore eit mål å få meir av godstransporten over frå veg til bane. Ved sida av stor miljøgevinst i form av mindre CO₂-utslepp, mindre støy og støv og færre ulykker, kan dette gi auka motstandskraft mot uønskte hendingar innan varetransport.

Motstandskrafta ligg i ein større fleksibilitet når gjeld å nytte transportsystemet med veg og bane.

Ein vidare opprusting og fornying av jernbaneinfrastrukturen vil gi mogleheter for meir overføring av gods frå veg til bane, men òg auka persontransport. Dette vil gjere transportsystemet meir robust.

For å auke motstandskrafta er det viktig at det blir lagt til rette for investeringar i både bane- og terminalinfrastruktur, i tillegg til tilrettelegging av areal.

Innlandet vil auke investeringane på jernbane

Riksrevisjonen konkluderer med at:

«Undersøkelsen viser at manglende satsing på godstransport på sjø og jernbane er en viktig årsak til at målet om godsoverføring ikke er nådd».

Innlandet vil arbeide for å auke investeringane på jernbane med mål om eit meir robust transportsystem. Dette må blant anna skje gjennom Nasjonal Transportplan (NTP) og dialog og samarbeid med gods- og logistikkbransjen.



Flaumskader på fylkesveg 55, Lom kommune.

Foto: Statens vegvesen

3.9 Reiseliv og deltidsinnbyggjarar

Innlandet er eit reiselivsfylke og vi må arbeide saman for å sikre god samfunnstryggleik og beredskap på destinasjonane våre og i områder med fritidsbustader.

Planlegging, kunnskap og system for varsling er sentrale element i dette.

3.9.1 Innlandet har flest hytter i landet og er eit viktig reiselivsfylke

Innlandet er Noreg sitt største hyttefylke i tillegg til å ha et stort innslag av anna reiseliv. Innlandet hadde om lag fire millionar kommersielle gjestedøgn i 2019.

Vi reknar òg med at fylket hadde om lag tolv millionar overnattingar fordelt på over 90 000 fritidsbustadar.

Verdiskapinga for reiselivet totalt er berekna til omlag fem milliardar kroner ([Innlandet fylkeskommune, 2019](#)).

Fleire store reiselivsdestinasjonar


Det er fleire store reiselivsdestinasjonar i Innlandet, til dømes Hafjell/Kvitfjell, Sjusjøen, Trysil og Beitostølen. Det er vidare mange små, mellomstore og store hytteområde rundt om i fylket.

Innlandet har mange nasjonalparkar og fjellområde med høg besøksintensitet. Ringsaker er den kommunen som har flest hytter, medan Valdres er den regionen med flest fritidsbustader.

Bruken har gått opp

Bruken av fritidsbustaden har gått opp dei seinare åra. Prognosesenteret anslår at tal dagar vi var på hytta auka frå omlag 50 i 2019 til 59 dagar i 2020 (Prognosesenteret, 2021).

Utover hausten 2022 har vi registrert noko usikkerheit knytt til om dette vil halde seg stabilt eller gå ned, grunna auka straumkostnader. Vi veit ikkje korleis dette utviklar seg vidare, men blir nedgangen stor, kan det få konsekvensar for lokalt næringsliv.



3.9.2 Det kan bli meir krevjande å tilby tenester og tryggleik til deltidsinnbyggjarane

Deltidsinnbyggjarane (hytteeigarar som ikkje er folkeresigert i fylket) og reiselivet har stor betydning for næringsliv og verdiskaping i Innlandet, men gir samstundes utfordringar.

Mange innlandskommunar har nedgang i innbyggartalet, medan talet på personar som i periodar oppheld seg i kommunane, aukar. Dette gjer at dimensjonering og finansiering av tenester blir krevjande for kommunane (Grüfeld, Leo et.al., 2018).

Geografisk spreiing kan vere utfordrande

Geografisk spreiing fører òg til utfordringar for kommunane si evne til å ivareta tenester og pliktar dei har. Døme på dette er når det skjer hendingar ved fjerntliggende overnattingsverksemder.

Dette fører til at kommunane må planlegge for auka beredskap i periodar med mange besøkande.

Auka press på ressursane

Trysil er døme på ein kommune som har auka bemanninga ved legekontoret på grunn av mange besøkande.

Hyttekommunane i Innlandet vil mest sannsynleg oppleve auka press på ressursane for pleie- og omsorgstenester, både når det gjeld sysselsettingsbehovet og kommunal økonomi. Mange kommunar i Innlandet slit med rekruttering til pleie- og omsorgsyrka.

Deltidsinnbyggaren som ressurs

+

Fleire kommunar i Innlandet kan i periodar ha fleire besøkande og deltidsinnbyggjarar enn fastbuande.

Deltidsinnbyggjarane er ei ressurssterk gruppe som i større grad kan nyttast både i kompetansebygging og som ressurs ved hendingar, inkludert rekruttering til frivillig sektor. Dette handlingsrommet bør nyttast.

Redning i fjellområda

+

Store avstandar og uframkommeleg terrenget gir utfordringar for beredskapen (brann, inkludert slokevatn og helse) og søk- og redningstenestene i fjellområda.

Talet redningsoppdrag aukar i Innlandet. Oppland Røde Kors melder i ein artikkel på NRK ([nrk.no](#), juli 2022) om ei dobling i forhold til gjennomsnittet frå 2018 til 2021. Det er særleg i Jotunheimen det aukar.

Ser ein tala samla, er talet på redningsoppdrag firedobla frå 2007. Tal frå Hovudredningssentralen gir eit liknande biletet.

Scenarioet i FylkesROS "Fjerntliggjande turistdestinasjon", baserer seg på ein tenkt situasjon der ein alvorleg brann oppstår ved ein overnattingsstad langt frå nærmeste tettstad. Sannsynet er vurdert som ei hending som kan oppstå sjeldan, men som kan skje i eit 50-årsperspektiv. Hendinga kan føre til tap av liv og gi materielle skadar.

Analysen gir oss kunnskap om kva som skal til for å redusere risikoen og minske konsekvensane.

Auka etterspurnad etter infrastruktur

+

I takt med utbygginga av fritidsbustader, aukar etterspurnaden etter infrastruktur som straum, vatn, veg og digital infrastruktur. Energiforbruket til hytter og fritidsbustader har auka vesentleg dei siste ti åra.

Scenarioet i FylkesROS, "Svikt i kraftforsyninga", syner at ei rekke samanfallande årsaker, som lite nedbør, nedbygging av kol og kjernekraft, samt ein kald vinter, kan føre til rasjonering av straum (sjå kapittel 3.5.2).

[For meir informasjon om fritidsbustader, utvikling, tettheit og energiforbruk, sjå Innlandsstatistikk.](#)

Ophaldsprinsippet

+

For kommunale helse- og omsorgstenester gjeld oppaldsprinsippet.

Dette prinsippet inneber at kommunane har plikt til å yte helse- og omsorgstenester, inkludert beredskapstenester som ambulanse- og legevaktenester, til personar som oppheld seg i kommunen, uavhengig av kor dei er busett.

Innlandet har mange små og store arrangement

Innlandet har lang tradisjon for gjennomføring av arrangement, og er ein av landet sine sterkeste arrangementsregionar.

Det er eit stort mangfold av små og store idretts- og kulturarrangement gjennom heile året i heile fylket.

Arrangementa medfører store publikumsmengder der det offentlege, private og frivillige saman er ansvarlege for tryggleiken. Ved ulykker eller terrorangrep vil fleire tusen publikum på små område, kunne gi store utfordringar for ei trygg handtering.

Scenarioet i FylkesROS "Terror ved arrangement", er «worst case» i eit nasjonalt perspektiv og vurdert til låg risiko.

Informasjon og varsling til besökande

Det er behov for gode system for informasjon og varsling til besökande og deltidsinnbyggjar. Det er per i dag ulike system for dette. Innlandet vil bidra til at eit felles nasjonalt, velfungerande system vert utvikla.

Eit nyt nasjonalt varslingssystem vart lansert rundt årsskiftet 2022/2023.

3.9.3 Innlandet har viktige kompetansemiljø

Det finns fleire solide fagmiljø innan reiseliv i Innlandet. Til dømes er [Senter for reiselivsforskning](#) etablert av Høgskolen i Innlandet, Østlandsforskning og Norsk institutt for naturforskning (NINA), med mål om å styrke den

reiselivsrelaterte forskinga.

Behov for meir kunnskap

Det er behov for meir kunnskap om korleis fritidsbustadene og deltidsinnbyggjarane påverkar beredskapssituasjonen i Innlandet.

Forskins- og kunnskapsmiljøa bør vidareutviklast og samarbeidet mellom akademia, offentleg forvaltning og næringsliv bør styrkast.

Sterkt fagmiljø knytt til fjellredning

Innlandet har òg eit sterkt fagmiljø knytt til fjellredning, med blant anna etableringa av fjellredningssenteret i Lom. Dette miljøet bør vidareutviklast og styrkast.

Du kan lese meier om Nasjonalt kompetancesenter for fjellredning [her](#).

Samfunnstryggleik i planlegging, samarbeid på tvers av kommunar og regionar

Kommunane og regionane i Innlandet sit, som vertar for eit høgt tal fritidsbustader og destinasjonar, på verdifull kompetanse og erfaring.

Ei utveksling av erfaringar med mål om å auke kompetanse og bevisstheit rundt mogelegheitene og utfordringane bør bli vidareutvikla.

Kompetanseutvikling i planlegging, samarbeid kring rekruttering til helsetenesta og frivillige organisasjonar er noko av det vi i Innlandet kan samarbeide meir om.

Ny rettleiar om planlegging av fritidsbustader

Det er nyleg publisert ein ny rettleiar om planlegging av fritidsbustader frå Kommunal- og distriktsdepartementet (september, 2022). Denne har eit eige kapittel om samfunnstryggleik, naturfare og klimatilpassing.

Rettleiaren frå Kommunal- og distriktsdepartementet om planlegging av fritidsbustader kan du lese [her](#).



Innlandet har mange store hytteområder. Her frå Hafjell i Øyer.

Foto: Leila Øvreseth

3.10 Forsvaret og sivilt-militært samarbeid

Innlandet er eit forsvarsfylke med mykje kompetanse i både sivil og militær sektor. Eit viktig arbeid framover er å styrke samarbeidet mellom det sivile samfunn og forsvaret i øvingar, beredskapsplanlegging og ved handtering av større hendingar.

3.10.1 Innlandet er eit forsvarsfylke

Innlandet er, og vil vere, eit viktig forsvarsfylke. Dette er blant anna synleg ved at Rena leir er Hærens hovudbase i Sør-Noreg, jf. [Forsvaret sin eigen omtale av sine tenestestader](#).

Vidare har Forsvaret aktivitet i Østerdal garnison (Rena og Terningmoen, Elverum), Jørstadmoen (Lillehammer), Dombås og Hamar. Desse lokasjonane huser ei rekke greiner og kompetansemiljø.

Heimevernet HV05

Heimevernet (HV) er ein nasjonal beredskaps- og innsatsstyrke fordelt på 11 HV-distrikt. Distrikta har det territoriale ansvaret for å trygge viktige militære og sivile installasjoner.

Opplandske Heimevernsdistrikt 05, har territorielt militært ansvar over Innlandet fylke, og gjeld alle 46 kommunane. Distriktet har sentrale forsvars- og samfunnsfunksjonar lokalisert i heile sitt ansvarsområde.

I tillegg har HV-05 ei 350 kilometer lang grense mot Sverige. Hovudsetet i distriktet med lokalisering av distriktsjef, er på Terningmoen Elverum og dei yter innsats i heile krisespekteret.

Endring i det globale trusselbiletet

Etter at planprogrammet vart vedteke i 2021, har vi sett endringar i det globale trusselbiletet. Krig i Europa, energikrise og auka skilnader i vestlege samfunn er nokre døme.

Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) sin rapport frå 2019, [«Globale trender mot 2040 – et oppdatert fremtidsbilde»](#), skildrar den framtidige utviklinga innan fem ulike dimensjonar av trendar.

Dette er ein omfattende rapport, og frå samandraget viser vi til følgande:

«Dagens trusselbilde fremstår som mer usikkert enn for bare noen få år siden. Selv om verden har blitt fredeligere de siste tiårene, har antallet konflikter økt siden 2012. Fremtidsbildet som skisseres i dagens studier er generelt pessimistisk, i alle fall på kort sikt.»

Sjå òg del 1, kapittel 1.2.2 for omtale av pågåande nasjonale utgreiingar. I pressemelding frå 2. mai 2023 la Regjeringa fram ein plan for korleis dei skal auke forsvarsbudsjettet fram til 2026 og slik nå NATO-målet om 2 % (regjeringen.no).

Kva er aktuelt for Innlandet?

+

- [Alliert nærvær og mottak](#)
- Mottak av personar på flukt og Nordisk samarbeid. Du kan lese meir om nordisk samarbeid på [Regjeringa sine nettsider](#). Herunder ny samansetting av NATO.
- [Totalforsvarskonseptet](#)
- I praksis skjer svært mykje av det sivil-militære samarbeidet i fylkesberedskapsrådet. Dette er omtala som eit «strategisk» nivå. I eit handteringsperspektiv av ulike hendingar, under leiing av Politiet, kjem fleire av dei same medlemmene saman i redningsleiinga i lokal reningssentral (LRS). Sjå meir informasjon i [instruksen for Statsforvaltaren](#).

3.10.2 Samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunn i Innlandet

Handtering av uønskte hendingar og kriser skjer i tråd med beredskapsprinsippa (sjå del 2, kapittel 2.2).

Avhengig av omfang, kan det vere behov for å samarbeide med felles ressursar. Ved til dømes naturhendingar og store ulykker (lågare krisespekter), ser vi ofte at militæret yter bistand til det sivile samfunnet.

Kvikkleirkredet på Gjerdrum

I det tragiske kvikkleireskredet på Gjerdrum, samarbeidde ei rekke aktørar i fleire fasar, til dømes frivillige, Forsvaret og politiet. I [rapporten frå skredet](#) (Hovedredningssentralen, 2021) kan ein lese om korleis det sivil-militære samarbeidet fungerte i ein redningsaksjon.

Det blir trekt fram personellressursar, køyretøy, spesialkompetanse og luftressursar. Forsvaret var ein vesentleg bidragsytar, og dei bidrog med fleire kapasitetar som var lite kjend i redningstenesta. Dette var til dømes 3D-kartproduksjon, eining for luftkoordinering og bruleggar.

Pandemien

Ei anna krisa der det nyleg vart samarbeida godt, var pandemien. I Innlandet bidrog Forsvaret med til dømes personell og kompetanse til vaksinering.

Heimevernet bidrog over lang tid med vakthald på riksgrensa, i tett samarbeid med politiet og tollvesenet.

Bistandsanmodinga

For å få til slike samarbeid, har vi Bistandsanmodinga, jf. [Forsvarsloven §60 a](#). Denne skildrar vilkåra som må ligge til grunn. Det er Forsvaret sitt operative hovudkvarter (FOH) som handterer slike anmodingar. Anmodinga kan kome både frå politiet direkte eller frå andre beredskapsaktørar via Statsforvaltaren. Til dømes må ei andmoding frå ein kommune først bli handsama av Statsforvalteren.

Ved eventuelt behov for bistand frå Forsvaret sine ressursar i vår region, må vurderinga gjerast etter nemnde paragraf.

Tryggleikspolitisk krise og væpna konflikt

Beveger vi oss høgt i krisespekteret, mot til dømes tryggleikspolitisk krise og væpna konflikt, vil behovet for støtte snu, slik at det sivile samfunnet må understøtte det militære. Handtering og forpleining av større menneskemengde på flukt, enten frå eige land eller frå andre, vil òg vere noko sivilsamfunnet må handtere i tråd med NATO sine krav til medlemslanda.

Slik støtte kan finne stad på ulike måtar. Dette ligg utanfor denne planen sine tema. Dersom du vil lese meir om dette, kan du lese rapporten "Støtte og samarbeid, en beskrivelse av totalforsvaret i dag" (Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, 2018).

Sivil transportberedskap

Sivil transportberedskap er eit viktig bidrag frå det sivile samfunnet til det militære. [Forskrift om sivil transportberedskap](#) pålegg fylkeskommunane oppgåver knytt til dette.

Denne gjeld i heile krisespekteret. For Innlandet er dette ei betydeleg oppgåve, all den tid fylkeskommunen er Noreg sin største vegeigar etter staten.

Transportberedskap er viktig i NATO-samarbeidet

+

NATO sine sju grunnleggande føresetnader for sivil-beredskap, syner tydeleg kor viktig transportberedskap er for å bidra til eit robust og uthaldande samfunn ved store kriser:

1. evne til å sikre kontinuitet for styresmaktene og kritiske offentlege tenester
2. evne til å sikre ei robust kraftforsyning
3. evne til å handtere ukontrollert forflytning av menneske (regionalt)
4. evne til å sikre tilgang til ei forsyning av mat og vatn
5. evne til å handtere masseskadesituasjonar

6. evne til å sikre robuste sivile kommunikasjonssystem

7. evne til å sikre robuste transportsystem

Øvingar

Noreg og Innlandet har dei seinare åra øvd på samarbeidet mellom det sivile samfunnet og det militæret.

Trident Juncture 2018 og Cold Response 2022 er gode døme på samarbeid mellom Forsvaret og ulike infrastruktureigarar i praksis. Felles øvingar blir òg svært viktig i tida framover.

3.10.3 Vi bør vidareføre og auke samarbeidet i Innlandet

Nasjonalt nivå nemner mange mogelegheiter for å auke merksemda på totalforsvaret. Dette er blant anna omtala i Meld. St. 10 (2021-2022), Prioriterte endringar, status og tiltak i forsvarssektoren.

Øvingar og erfaring frå hendingar har synt oss at vi må fokusere på samarbeid framover. Beredskapsaktørane må involvere kvarande i råd og prosessar, øvingar og reelle hendingar.

Eit slikt gjensidig samarbeid, inneber at vi hjelper kvarande i heile krisespekeret.

Tett samarbeid

Det er mykje kompetanse i både sivil og militær sektor i Innlandet. Det er derfor naturleg at det er eit tett samarbeid. Til dømes inngjekk Høgskulen i Innlandet (HINN) og Heimevernet ei intensjonsavtale hausten 2021.

Avtala er grunna i at begge partar ser eit potensial for meir samhandling.

Dele informasjon

Vi må til dømes dele informasjon om konsekvensar ved svikt i infrastruktur, slik at aktørane kan førebu seg på ein hensiktsmessig måte og dimensjonere seg deretter.

Eit tettare samarbeid mellom HV05 og kommunane er å anbefale. Vidare bør ein å sjå på potensialet for å auke samarbeidet mellom Forsvaret og den sivile helsetenesta i handtering av større hendingar.

Rapportane frå Totalberedskaps- og Forsvarskommisjonen kan føre til at vi må ta stilling andre tiltak i Innlandet. Forsvarskommisjonen la fram rapporten sin 3. mai 2023 (NOU 2023:14, Forsvarskommisjonen av 2012 – Forsvar for fred og frihet). Les rapporten frå Forsvarskommisjonen her. Rapporten frå Totalberedskapskommisjonen er venta i juni 2023.



Aktørane i Totalforsvaret på øving.

Foto: Statsforvaltaren/Ivar Ødegaard.



Samarbeid mellom det sivile og det militære. Politiet og HV05. Grensevakt under pandemien.

Foto: Heimevernet/Tore Ellingsen.

3.11 Meir informasjon om den einskilde kommune

Den einskilde kommune kan finne meir informasjon om eigen kommune i kartapplikasjonen som følger planen. Her finn ein til dømes oversikt over naturfare. Vidare vil heimesidene til Statistisk sentralbyrå og Statsforvaltaren sine kommunebilete gi meir detaljert informasjon om kvar kommune.

Innlandsstatistikk er ei kunnskapsside i utvikling. Her finn ein mykje informasjon og data om Innlandet.

- [Kommunebilete i Innlandet \(Statsforvaltaren i Innlandet\)](#).
- [Kommunefakta, SSB](#).
- [Kartapplikasjonen](#)
- [Innlandsstatistikk](#)

Del 4 Korleis skal vi møte utfordringane?

Denne handlingsdelen inneholder strategiar og tiltak som er viktige for å følge opp måla i del 1 og funna i del 3.

Handlingsprogrammet gjeld for heile planperioden (2023-2035).

Fleire av tiltaka frå FylkesROS 2022 er innarbeida. Samstundes må ein sjå desse dokumenta i samanheng.

4.1 Strategiar for å nå måla

Korleis skal vi arbeide i tida framover for å nå måla vi har sett oss? Ein strategi er «vegen til målet». Strategiane skal vere til hjelp i arbeidet med å betre samfunnstryggleiken i Innlandet.



Figur 4.1. Figuren syner oppbygginga av planen med mål, strategiar og tiltak. Del 4 omhandlar strategiar og forslag til tiltak.

Vi har valt fem strategiar for å nå måla i planen:

1. Utnytte og auke kompetansen innan samfunnstryggleik

+

For å førebygge og møte dei utfordringane vi står ovanfor i framtida, må vi ta betre i bruk eksisterande og utvikle ny kunnskap innan ulike tema i arbeidet med samfunnstryggleik. Dette er til dømes naturfare, det digitale trusselbilete og eit klima i endring.

Vi må saman arbeide aktivt for å sette innbyggjarar, verksemder og organisasjonar i stand til å handtere utfordringane og ha god eigenberedskap.

Kompetansen om cyber- og informasjonstryggleik bør auke i kommunar, verksemder, organisasjonar og i befolkninga elles. Innlandet har fleire solide kompetansemiljø. Desse kan og bør bidra til å auke både nasjonal, regional og lokal kompetanse innan samfunnstryggleik og beredskap.

2. Sikre ei framtdsretta arealplanlegging og forvaltning som bidreg til betre samfunnstryggleik

+

Samfunnstryggleik sikrast blant anna gjennom langsiktig planlegging. Vi må sikre at forvaltning og planlegging implementerer og bygger på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag kring samfunnstryggleik.

Forvaltning og sakshandsaming i Innlandet må halde høg kvalitet og basere seg på oppdaterte ROS-analyser. Vi må saman styrke samordninga av planverk og tiltak. Arealbruken i Innlandet må ta omsyn til samfunnstryggleiken på ein hensiktsmessig måte.

Vi må syte for at Innlandet si rolle som matprodusent blir styrka og ta vare på matjorda vår. Utmarka er ein stor ressurs i Innlandet og framover må vi sjå denne som ein viktigare ressurs i matproduksjonen.

Vi bør praktisere jordvernet særleg strengt når det gjeld forslag til omdisponering av areal til føremål bustad, næring og fritid. Ved utforming av anlegg til samferdsel (veg, bane med meir.) skal ein søke å redusere beslaget av matjord til eit minimum.

I samband med forslag om omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord til utbyggingsføremål, bør det utarbeidast ei alternativvurdering der òg omsyn til transport, mobilitet, friluftsliv, kulturminne, vassmiljø og naturmangfold blir vurdert.

Kommunane bør ved rullering av kommuneplanen sin arealdel gjere ei ny vurdering av dyrka eller dyrkbar jord som er avsett til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan og som ikkje er regulert. Det skal leggast til rette for levedyktig, stabil og berekraftig busetting og landbruk i heile Innlandet.

Tiltak bør planleggast, etablerast og driftast på bakgrunn av ein reguleringsplan. Kartlegging av naturfarar, flaum-, overvatn-, erosjons- og skredfarar skal skje så tidleg som mogeleg i planprosessen, og ligge som viktige premiss for vidare arbeid.

Kommunane, fylkeskommunen og staten skal aktivt arbeide med å førebu Innlandssamfunnet på klimaendringane og ruste Innlandet til betre å handtere andre relevante truslar.

Energiforbruk og energiforsyning må tas sterkare inn i arealplanlegginga. Energiproduksjon krev areal, som vil gi interessekonfliktar til natur, miljø og estetikk. Det lyt gjerast gode og heilsakelege vurderingar i

planlegginga for å bidra til ei tilstrekkeleg og robust kraftforsyning, som bygger opp om måla vi har om meir fornybar energi.

3. Sikre tilstrekkeleg og robust energiforsyning

+

Vi er avhengig av ei sikker og robust kraftforsyning for å få samfunnet vårt til å fungere i ei tid der vi treng meir energi. Tilstrekkeleg energi bør sikrast på ein slik måte at det ikkje går utover omsynet til miljø, klima og natur.

Konsekvensane av eventuelle nye inngrep og installasjonar må utgreiaast på ein kunnskapsbasert måte. Energiøkonomisering må bidra til å redusere etterspørselen etter meir energi. Effektivisering, utvikling og oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg, bør prioriterast.

Vi må legge til rette for utvikling av fornybare og robuste løysingar for energiproduksjon og lagring for å bidra til auka stabilitet i forsyninga. Mogelegeheitene for auka bruk av sol, vind, vatn, jordvarme, bioenergi og eventuelt kjernekraft er døme på energiløysingar som bør bli utgreia vidare. Målet er ei robust kraftforsyning med ein hensiktsmessig samansettning av energiløysingar.

Straumettet må vere robust og ha tilstrekkeleg overføringskapasitet internt i fylket og mellom landsdelar. Dette heng på nasjonale myndigheter, men Innlandet bør vere tydelege på det regionale behovet inn i den nasjonale diskusjonen. Kraftleidningar kan vere sårbar for ekstremvær (vind) og dette må vi ta omsyn til i framtida.

Det må bli lagt større vekt på omsynet til samfunnstryggleik og samfunnsnytte. Det bør bli utarbeidd nasjonale kriterier for samfunnsnytte ved prioritering av nett-tilknytning.

4. Sikre og utvikle infrastruktur som toler framtidige utfordringar og tek vare på samfunnet sitt grunnleggande behov

+

Samfunnsplanlegging må sikre at ny eller eksisterande infrastruktur er tilpassa og sikra mot ulike farar og skade. Planmyndighetene må ha særskild fokus på at funn i risikovurderingar og frå hendingar vert lagt til grunn ved revisjon av areal- og samfunnsplanar.

Infrastruktureigarane i Innlandet skal ha god oversikt over tilstanden og kritiske punkt på eigen infrastruktur. Dei skal arbeide systematisk med å følge opp og avdekke svakheiter.

Vi vil arbeide for å sikre at kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar toler framtidig utfordringar, samstundes som vi arbeide systematisk for å redusere og avdekke sårbarheiter.

Vi vil arbeide for å overføre meir gods frå veg til bane for å oppnå eit meir robust transportsystem.

Vi vil vidareføre samarbeidet om full dekning av høgfartsbreiband i Innlandet og sikre ei meir robust drikkevassforsyning til innbyggjarane.

5. Auke samarbeidet for å betre samfunnstryggleiken

+

Ressursane vi har bør nyttast på ein best mogeleg måte.

Optimal ressursbruk inneber blant anna at vi styrkar samarbeidet mellom frivillige organisasjoner, offentlege aktørar, næringsliv og akademia innan samfunnstryggleik og beredskap. Vi bør kjenne godt til kvarande og sikre god dialog. Vi bør auke samarbeidet mellom det sivile samfunn og Forsvaret, både i øvingar og ved handtering av større hendingar.

Innlandssamfunnet må aktivt ta i bruk det nye nasjonale varslingssystemet når dette blir operativt, for slik å kunne varsle fastbuande, deltidsinnbyggjarar og besøkande.

Vi vil legge til rette for å auke samarbeidet og erfaringsutvekslinga mellom kommunane i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

4.2 Korleis følger vi opp planen?

Regional plan er eit reiskap for god samfunnsplanlegging og samordning av tiltak på tvers av kommunegrenser og verksemder i Innlandet. Den gir retninga for arbeidet med samfunnstryggleik i Innlandet fram mot 2035.

Fylkestinget er regional planmyndighet og har det overordna ansvaret for planen

Innlandet fylkeskommune, som regional utviklingsaktør, har ansvaret å koordinere oppfølging av planen, men dette er ein plan for heile Innlandssamfunnet og derfor er regionalt partnerskap ein sentral arena for samordning.

I regionalt partnerskap er Statsforvaltaren i Innlandet, Kommunenes sentralforbund (KS), NAV Innlandet, LO, NHO, Fagskolen Innlandet, Innovasjon Norge, HINN og NTNU og Innlandet fylkeskommune representert. Innlandet fylkeskommune har leiinga og er sekretariat for partnerskapet.

Årleg status

Kvart år legg fylkeskommunen fram status frå arbeidet med oppfølging av planen til fylkestinget. Drøftingar i og innspel frå blant andre Fylkesberedskapsrådet, interkommunale politiske råd og regionalt partnarskap er grunnlaget for denne statusen.

Det mest sentrale blir rullering og kva tiltak som skal prioriterast komande år.

Resultatet av dei to nasjonale utgreiingane (Totalberedskapskommisjonen og Forsvarskommisjonen) vil bli tatt hensyn til i rulleringa av handlingsprogrammet.

Må bli sett i samanheng med andre planar

Regional plan for samfunnstryggleik, er ein av tre nye regionale planar i Innlandet i 2023, og planen må bli sett i samanheng med "Regional plan for det inkluderande Innlandet" og "Regional plan for klima, energi og miljø".

Særleg "Regional plan for klima, energi og miljø" har mange grensesnitt med denne planen.

Samstundes har andre regionale planar i Innlandet fleire grensesnitt til denne planen. Det gjeld særleg regionale planar for vassforvaltning. Det same gjeld andre planar og strategiar (til dømes Mjøsbyen). Rettleiarar, herunder det pågående arbeidet "Klimavennlig stedsutvikling i hyttekommuner" må òg bli sett i samanheng med denne planen.

4.3 Tiltak

Her finn du tiltak knytt opp til planen sine hovedtema. Planen kjem med om lag 100 tiltak som bygger opp om utfordringane og mogelegheitene slik dei er skildra i del 3.

Dei fleste tiltaka som blir foreslått er geografisk uavhengige. Samstundes vil dei krevje ei ulik tilnærming der kvar einskild region bygger på styrkane sine for å møte sine utfordringar. Læring og samarbeid på tvers av regionar og kommunar er vurdert som noko som bør styrkast.

Det er lagt inn kven som har eit hovudansvar for gjennomføring av tiltaket, kven som er aktuelle samarbeidspartnarar og om tiltaket er aktuelt på kort (1-4 år) eller lang (4-12 år) sikt.

Tiltak som er starta opp må bli prioritert for oppfølging etter vedtak. Tiltaka blir prioriterte årleg i samband med gjennomgang av handlingsdelen.

Der det er mogeleg, har vi lagt inn ei førebels grov vurdering av årlege kostnadar; låg (<500 000 kroner), middels (<2 000 000 kroner), høg (>2 000 000 kroner).

Strategi 1: Utnytte og auke kompetansen innan samfunnstryggleik

Temaovergripande tiltak

+

S1a

Tiltak: auke kompetansen om korleis barn og unge skal ivaretakast før, under og etter kriser. I dette ligg til dømes å vidareføre beredskapsråd for barn og unge, og involvere interessene til barn og unge i arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalyser og i arbeidet med samfunnstryggleik elles

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: kommunane, Innlandet fylkeskommune, Høgskolen i Innlandet, Røde Kors, NTNU med fleire

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: middels

S1b

Tiltak: vidareføre fagnettverk for kommunale beredskapskoordinatorar (tiltaket er sett i verk)

Ansvarleg: Statsforvaltaren Innlandet

Medansvarleg: kommunar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1c

Tiltak: evaluere hendingar og tilgjengeleggjere/dele funn (tiltaket er sett i verk)

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: beredskapsaktørane i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1d

Tiltak: auke kompetansen om samfunnstryggleik og beredskap gjennom til dømes ved å vidareføre etablerte arena, konferansar og nettverk. Ta i bruk utdanningsinstitusjonane til å framskaffe meir kunnskap og forsking (vidaregåande skular, bachelor-, master og doktorgradsarbeid) samfunnstryggleik og beredskap i Innlandet.

Søke etter mogelegheiter for samarbeid i Europa

Ansvarleg: fleire

Medansvarleg: beredskapsaktørane i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1e

Tiltak: vidareutvikle kartverktøy som InnlandsGIS for bruk i beredskapsarbeid

Ansvarleg: Geodatasamarbeidet i Innlandet

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1f

Tiltak: videreutvikle og auke kompetansen rundt eigenberedskap (hushaldning, verksemder, organisasjonar).

Bidra inn til ev. revidering av dei nasjonale anbefalingane for eigenberedskap*

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, kommunar, NHO, verksemder, organisasjonar, DSB med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1g

Tiltak: etablere og gi informasjon om oppmøtestad for innbyggjarane ved krise

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: kommunane og Innlandet fylkeskommune

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg/middels

S1h

Tiltak: utvikle kommunikasjonsplanar for krisehandtering (før, under og etter), herunder òg oppmøtestader ved krise. Sjå på korleis ulike kommunikasjonskanalar kan nyttast (digitale og anlaoge). Sikre at folk er kjent med manuelle rutiner viss dei har behov for tenester under EKOM-bortfall*

Ansvarleg: beredskapsaktørane

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg/middels

S1i

Tiltak: gjennomføre GrenseROS i samarbeid med svenske myndigheter

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune, grensekommunane, grensekomiteen, nødetatar, HV05 med flere

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1j

Tiltak: utarbeide indikatorsett for å følge utviklinga/målloppnåing til dei nye regionale planane

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: relevante beredskapsaktørar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Naturfare og klimaendringar

+

S1k:

Tiltak/aktivitet: vidareutvikle innlandsGIS og Innlandsstatistikk som kunnskapskjelde til klimaendringar

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvaltaren

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S1l:

Tiltak/aktivitet: utarbeide regionalt kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing (skal til dømes innehalde skildringar av risikoområde og kostnytteanalyser for å identifisere kva førebyggande tiltak som gir lønnsemrd for fylket)*

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S1m

Tiltak/aktivitet: Sikre varslingsrutinar for bekymringsmeldingar til relevante myndigheter om naturfarer, inkludert eit system for kartlegging av innrapporterte bekymringar*

Ansvarleg: Bør utarbeidast nasjonalt

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet og NVE

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: låg/middels

S1n

Tiltak/aktivitet: syte for oversikt med høveleg metode (satellitt, flyfoto etc.) for å kartlegge omfang og utbreiing av hendingar (syste for avtale mellom aktørane om dette)

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: relevante beredskapsaktørar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: høg

Matproduksjon og sjølvforsyning

+

S1o

Tiltak: følge opp tiltaksplan for jordbruket i Innlandet 2022– 2024

Ansvarleg: partane i tiltaksplanen

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S1p

Tiltak: spre kunnskap om funn i FylkesROS knytt til forsyningsskjeda for matproduksjon

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet med fleire

Medansvarleg: kommunane, næringsorganisasjonene med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1q

Tiltak: vidareutvikle fagnettverk for matprodusentar i Innlandet (matnettverk Innlandet)

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet med fleire

Medansvarleg: næringsorganisasjonane, Innlandet fylkeskommune med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Allmennfarleg smittsam sjukdom og smittevern

+

S1r:

Tiltak: vidareutvikle og oppdatere digitale verktøy og kurs for smittesporing (td. E- læringskurs) og kommunikasjon mellom aktørane

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: utdanningsinstusjonar, private aktørar og nasjonale myndigheter

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S1s:

Tiltak: regional kompetanseheving om antibiotikabruk og resistens. Kurs. Oppfordre til deltaking i "Riktigere antibiotikabruk i kommuner" (RAK) og "Riktigere antibiotikabruk for sykehjem i kommunene" (RASK)

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet med fleire

Medansvarleg: Antibiotikasenteret for primærmedisin, Innlandet fylkeskommune med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1t:

Tiltak: auke kompetansen innan helseberedskap blant tilstette i kommunar og utdanning

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: kommunar, utdanningsinstitusjonar med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

Cybertryggleik og informasjonstryggleik

+

S1u

Tiltak: stimulere til at fleire tek fagbrev og høgare utdanning innan cybertryggleiksområdet

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: næringsliv, Innlandet fylkeskommune og andre relevante samarbeidspartnarar

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: låg

S1v

Tiltak: aktivt delta i tryggleiksmånaden (oktober) og slik sette cybertryggleik på agendaen i eiga verksemد

Ansvarleg: fleire

Medansvarleg: næringsliv og offentlege verksemder

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1w

Tiltak: styrke arbeidet med å få Kommune C-SIRT til å bli ei nasjonal teneste med grunnfinansiering over statsbudsjettet

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, kommunane med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S1x

Tiltak: auke implementeringa av NSM sine grunnprinsipp for cybertryggleik

Ansvarleg: fleire

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren i Innlandet, kommunar og verksemder i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Drikkevatn og avløp

+

S1y

Tiltak: utarbeide beredskapsplanar med god kvalitet for drikkevassforsyninga og avløp

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet, Mattilsynet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Reiseliv og deltidsinnbyggjarar

+

S1z

Tiltak: kompetanseløft i risiko- og sårbarheitsanalyser for arrangørar (idrett, kultur med fleire)

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: politiet med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Forsvar og sivilt/militært samarbeid

+

S1æ

Tiltak: kunnskapsdeling mellom Forsvaret og utdanningsinstitusjonar, relevant for tematikken samunnstryggleik, beredskap og metodar

Ansvarleg: utdanningsmiljøa og Forsvaret

Medansvarleg: beredskapsaktørane

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Strategi 2: Sikre ei framtidsretta arealplanlegging og forvaltning som bidreg til betre samfunnstryggleik

Temaovergripande tiltak

+

S2a

Tiltak: regionale myndigheter skal gjennom arbeidet sitt med rettleiing medverke til at alle kommunar tek i bruk anbefalt metodikk for ROS-analysar og ivaretak samfunnstryggleik i arealstrategiar i tilknytning til kommuneplanen sin samfunnsdel

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: kommunar, Innlandet fylkeskommune, nasjonale myndigheter, utdanningsinsituasjoner

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: låg

Naturfare og klimaendringar

+

S2b

Tiltak: arrangere regionvise samlingar for korleis NVEs Atlas og NVEs rettleiar for reguleringsplanar kan nyttast i kommunal forvaltning inkludert i arealplanlegging.

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: NVE

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S2c

Tiltak: klimarisiko inn som tema i kommunale og regionale ROS-analyser

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S2d

Tiltak: klimatilpassing i arealplanlegging*

Ansvarleg: kommunane, Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S2e

Tiltak: kartlegge, vurdere og prioritere eksisterande infrastruktur etter konsekvens med tanke på sikring*

Ansvarleg: alle eigarar av infrastruktur

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: låg/middels

Matproduksjon og sjølvforsyning

+

S2f

Tiltak: utarbeide kommunale jordvernstrategiar. Kommunar med høgt omdisponeringspress på dyrka areal og høg andel av høgproduktive areal bør prioriterast

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Statsforvalteren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune, næringsorganisasjonene med fleire

Tidsperspektiv: låg

Kostnad: middels (mogeleg med statleg støtte)

S2g

Tiltak: ta i bruk arealrekneskap med mål om følge utviklinga i arealbruken

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvalteren i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S2h

Tiltak: støtte opp om tiltak som bidreg til at landbruket tilpasser seg og utnyttar eit endra klima, jf. til dømes landbruket sin klimaplan og "Regional plan for Klima, energi og miljø"

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune, kommunane, næringsorganisasjonene, Norsk landbruksrådgivning (NLR), Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) med fleire

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: middels/høg

S2i

Tiltak: sikre at det finst planar for prioritering av eksisterande ressursar ved knappheit/svikt. Dette bør òg innehalde ein plan for omlegging av eksisterande produksjonsevne*

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: låg/middels

Allmennfarleg smittsam sjukdom og smittevern

+

Shj

Tiltak: gjennomføre/oppdatere ROS-analyser og oppdatere planverket i kommunane i henhold til dette og gjeldande trusselvurderingar. Pandemiplanlegging. Kontinuitetsplanlegging. Massevaksinering*

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg/middels

Cybertryggleik og informasjonstryggleik

+

S2k

Tiltak: bruke interkommunale politiske råd for kunnskap og kompetansedeling innan cyber- og informasjonstryggleik

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: kommunane

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Drikkevann og avløp

+

S2l

Tiltak: sikre drikkevasskjeldene i arealplanlegging. Etablere hensynssoner rundt kjeldene

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Mattilsynet

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: middels/høg

Transport på veg og bane

+

S2m

Tiltak: gjennomføre og følge opp tiltak fra ROS-analysar på veg- og banestrekningar i Innlandet

Ansvarleg: infrastruktureigarar

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

Reiseliv og deltidsinnbyggjarar

+

S2n

Tiltak: samfunnstryggleik ved destinasjons- og fritidsbustadutvikling skal inngå i med arbeid ny regional rettleiar for utvikling av fritidsbustadar (rettleiar er tiltak i RP klima, energi og miljø)

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Strategi 3: Sikre tilstrekkeleg og robust energiforsyning

Temaovergripande tiltak

+

S3a

Tiltak: sikre at kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur blir prioritert ved bortfall av kraft (nødstraum, feilretting)

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: Fylkesberedskapsrådet, infrastruktureigarar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: høg

Digital infrastruktur og kraftforsyning

+

S3b

Tiltak: utgreie behovet for eit felles regionalt system for overvaking og varsling av straumutfall. Dette skal vere uavhengig av netteigar og vere ein struktur for både beredskapsaktørar og befolkninga*

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune, NVE med fleire

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: låg

S3c

Tiltak: koordinere samfunnsutviklingsarbeidet med ei oversikt over kraftsituasjonen i Innlandet der ein ser tilgang på kraft i samanheng med behov, elektrifisering og planar for utbygging. Tilgjengeleggjere kunnskap og nytte denne i plan- og utviklingsarbeid. Dette må ein sjå i samband med oppretting av regionalt energiforum (tiltak 3.4c) og arbeid gjort i Innlandsportefølgen.

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Energiselskapa, kommunane, næringslivet, Statsforvaltaren i Innlandet med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S3d

Tiltak: Innlandet opprettar eit regionalt energiforum for å samordne og utvikle omstilling til, og produksjon av, fornybar energi og infrastruktur (tiltaket er òg omtala i RP Klima, energi og miljø)

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: relevante samarbeidsaktørar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S3e

Tiltak: kartlegge og vurdere eigna område for lagring av fornybar energi. Vi skal vidare vurdere korleis batteri/energilagring kan bli nytta aktivt for å jamne ut raske variasjonar i energi frå sol- og vindkraftverk (tiltaket er òg omtala i RP Klima, energi og miljø)

Ansvarleg: energiselskapa

Medansvarleg: relevante samarbeidsaktørar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: uviss

S3f

Tiltak: Innlandet skal vere pådrivar for å vurdere ny, og utvikling av eksisterande vasskraft, havvind, vindkraft på land, geotermisk varme, bioenergi og solkraft. Forskinga på kjernekraft må bli styrka slik at ein får avklart om kjernekraft kan vere ei løysing på framtidig kraftbehov (tiltaket er og omtala i RP Klima, energi og miljø)

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: relevante samarbeidsaktørar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: uviss

S3g

Tiltak: bidra til utviklinga av nasjonale stimuleringsordningar og tiltakslistar for energieffektivisering av bygg (tiltaket er og omtala i RP Klima, energi og miljø)

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Innlandsportefølgen, prosjektet "Klimavennlige bygg", ENOVA med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: høg

Cybertryggleik og informasjonstryggleik

+

S3h

Tiltak: legge til rette for ein arena for samhandling mellom leverandørane av kommunikasjon og energi i Innlandet

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: KDS med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S3i

Tiltak: sikre at digitale tenester som er knytt til kritiske samfunnstrukturar er robuste nok til å motså eventuelle cyberangrep

Ansvarleg: fleire

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltar, kommunar og verksemder i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Drikkevatn og avløp

+

S3j

Tiltak: vidareutvikle samarbeidet kring arbeid med reservevætn og nødvætn i Innlandet

Ansvarleg: kommunar

Medansvarleg: Mattilsynet, Norsk vann med fleire

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

Strategi 4: Sikre og utvikle infrastruktur som toler framtidige utfordringar og tek vare på samfunnet sitt grunnleggande behov

Temaovergripande tiltak

+

S4a

Tiltak: politisk påvirkning for å få ein nasjonal gjennomgang av forsyningsberedskapen i Noreg (mat/vatn, drivstoff og energi), sett i lys av det Totalberedskaps-kommisjonen og Forsvarscommisjonen legg fram i sine rapportar i mai og juni 2023

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: låg

S4b

Tiltak: utarbeide oversikt over viktige kunst- og kultursamlingar og kulturmiljø som grunnlag for plan for sikring og beredskap av Innlandets kulturarv. Planen skal innehalde tiltak for merking med Blue-Shield-merke

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Sametinget, museum, Riksantikvaren, bibliotek, Norsk Kulturarv, Fortidsminneforeningen med fleire

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: låg/middels

Naturfare og klimaendringar

+

S4c

Tiltak: syte for godt og jamnleg vedlikehald av eigen infrastruktur

Ansvarleg: infrastruktureigarar

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: høg

S4d

Tiltak: vurdere nasjonalt eller regionalt utstyrslager for flaumvernutstyr på sentrale punkt langs vassvegane i Innlandet*

Ansvarleg: bør avgjera stasjonalt

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet med fleire

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

Matproduksjon og sjølvforsyning

+

S4e

Tiltak: etablere "beredskapsplanar på gardsnivå" i kommunane i Innlandet. I dette høve må ein vurdere behovet for lager av utvalde produkt, som til dømes såkorn, gjødsel og diesel

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: Mattilsynet, kommunane, brannvesen, landbruksnæringa, Innlandet fylkeskommune med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S4f

Tiltak: følge opp og legge til rette for tiltak og prioriteringar for å sikre gjennomføring av nasjonal politikk for beredskapslagring av matkorn.

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: kommunane og Statsforvaltaren i Innlandet

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: uviss

S4g

Tiltak: vurdere tiltak for å auke sjølvforsyningsgraden nasjonalt og regionalt, inkludert innsatsfaktorar*

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvalteren i Innlandet

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: uviss

Allmennfarleg smittsam sjukdom og smittevern

+

S4h

Tiltak: sikre smittevernghensyn i utbygging av nye lokale for til dømes tannklinikkar

Ansvarleg: infrastruktureigarar og tenesteytarar

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: låg/middels

S4i

Tiltak: vurdere behovet for lager av utvalde produkt innan helsektoren*

Ansvarleg: verksemder som yt helsehjelp

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Digital infrastruktur og kraftforsyning

+

S4j

Tiltak: spleislag mellom private, utbyggjar og det offentlige for å sikre breiband der det er marknadssvikt og sikre redundans og diversitet i heile fylket

Ansvarleg: innbyggjarar, utbyggjarar og det offentlege

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels/høg

S4k

Tiltak: sikre framtidig kapasitet i forsyninga av straum og bidra til auka kraftproduksjon

Ansvarleg: offentlege myndigheter

Medansvarleg: NVE, Statnett, kommunar, Innlandet fylkeskommune, kraftprodusentar, nettselskap med fleire

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

Cybertryggleik og informasjonsjonstryggleik

+

S4l

Tiltak: sikre at EKOM- og strauminfrastruktur ikkje blir påverka av flaumhendingar

Ansvarleg: NVE

Medansvarleg: KBO og EKOM-eigarar

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

Drikkevatn og avløp

+

S4m

Tiltak: registrere og kartlegge vatn og avløpsnettet

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Statsforvalteren I Innlandet, Mattilsynet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S4n

Tiltak: auke fornyingstakten på ledningsnettet

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

S4o

Tiltak: oppgradere dei større renseanlegga (sekundærrensing og ev. nitrogenrensing)

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

S4p

Tiltak: skilje overvatn frå avløpsnettet. Rense overvatn der det er behov

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

S4q

Tiltak: fornye og sikre vasstårn

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

Transport på veg og bane

+

S4r

Tiltak: arbeide for statlege midlar til skredsikring på riks- og fylkesveg

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: andre fylkeskommunar, KS med fleire

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: høg

S4s

Tiltak: dei viktigaste lokale omkjøringsrutene må vere dimensjonert slik at dei tåler riksvegtrafikk/den trafikken dei skal avlaste. Finansiering av tiltak for å sikre dette, må avklarast nasjonalt

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: andre fylkeskommunar, Nye Veier AS og Statens vegvesen

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S4t

Tiltak: oppdatere og sikre betre datakvalitet i Nasjonal vegdatabank (NVDB)

Ansvarleg: vegeigarar

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S4u

Tiltak: kontrollrekning av alle bruer eldre enn 50 år

Ansvarleg: vegeigarar

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S4v

Tiltak: utarbeide sivil transportberedskapsplan for Innlandet

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: transportverksemder, Fylkesberedskapsrådet med flere

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Strategi 5: Auke samarbeidet for å betre samfunnstryggleiken

Temaovergripande tiltak

+

S5a

Tiltak: gjennomføre fleire øvingar på tvers av organisasjonar og forvaltningsnivå i høve til risikobiletet, planane til øvningsutvalet i Innlandet. Dele erfaringar frå øvingane

Ansvarleg: Øvingsutvalet i Innlandet

Medansvarleg: beredskapsaktørane i Innlandet, frivillige organisasjoner, verksemder, CyberRange med flere

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S5b

Tiltak: tydeleggjere roller og ansvar i beredskapsarbeid*

Ansvarleg: kommunane og Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: beredskapsaktørane i Innlandet

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5c

Tiltak: kartlegge tilgjengelege beredskapsressursar lokalt og regionalt*

Ansvarleg: kommunane og regionane

Medansvarleg: beredskapsaktørane i Innlandet, verksemder

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5d

Tiltak: vere pådriver for å videreutvikle regionalt samarbeid der det er ønskeleg mellom kommunane, og kartlegge behov og mogelegheiter for felles beredskapsressurser*

Ansvarleg: kommunane

Medansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune

Tidsperspektiv: låg

Kostnad: middels

S5e

Tiltak: implementere det nye nasjonale varslingssystemet (push-varsling) når dette er utvikla

Ansvarleg: uavklart ansvar pt.

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: uviss

S5f

Tiltak: støtte og vidareutvikle felles arena for mottaks- og integreringsarbeid ved massetilstrøyming av menneske

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: kommunane, IMDI, UDI med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5g

Tiltak: sikre at kommuner, regionale aktørar og nasjonale myndigheiter nyttar etablerte kommunikasjons- og samhandlingskanalar ved massetilstrøyming av menneske.

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: UDI, IMDI, Innlandet fylkeskommune og kommunar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5h

Tiltak: arbeide for å etablere ein felles digital plattform for raskt å skape ei felles forståing av situasjon og føremålstenleg ressursbruk ved hendingar

Ansvarleg: beredskapsaktørane

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: høg

Naturfare og klimaendringar

+

S5i

Tiltak: inngå beredskapsavtaler med private aktørar om maskiner og arbeid ved hendingar

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: relevante beredskapsaktørar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

Matproduksjon og sjølvforsyning

+

S5j

Tiltak: auke merkemda på jordhelse (tilstand i jorda)

Etablere ei jordhelsesatsing i Innlandet (EU-mission: A soil Deal for Europe)

Ansvarleg: Biovalley, Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: landsbruksnæringa, forskning/utdanning og rettleiingstenesta

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: middels

Allmennfarleg smittsam sjukdom og smittevern

+

S5k

Tiltak: kartlegge moglegitene for å utarbeide og vedlikehalde oversikt over privatpraktiserande tannlegar og fastlegar i Innlandet. Gjere desse tilgjengeleg for kommunane og fylkestannlegen

Ansvarleg: Statsforvalteren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: kommunar, privatpraktiserande tannlegar og fastlegar.

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5l

Tiltak: arbeide for å etablere eit nasjonalt senter for krise-, pandemi- og legemiddelberedskap i Innlandet (Elverum).

Ansvarleg: Norsk senter for beredskap og helseindustri

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune med fleire

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: middels/høg

Cybertryggleik og informasjonstryggleik

+

S5m

Tiltak: Utvikle eit pilotprosjekt for å løfte cyberkompetanse med kommunane og undersøke behovet for eit felles rapporteringsvertøy for cyberhendingar

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: NTNU, Digital Innlandet, næringslivet med fleire

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

S5n

Tiltak: vidareføre satsinga på CyberLand i henhold til vedtak i hovedutval for næring (PS 13/2023, 12. april 2023)

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune, Gjøvikregionen utvikling og Lillehammer vekst

Medansvarleg: Cyberforsvaret, Statsforvalteren i Innlandet og NTNU Gjøvik

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: middels

Drikkevatn og avløp

+

S5o

Tiltak: legge til rette for ein arena og oppfordre til meir kunnskapsutveksling og erfaringsdeling innad og mellom regionar.

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: Statsforvaltaren Innlandet, Norsk Vann, Mattilsynet, NTNU

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Transport på veg og bane

+

S5p

Tiltak: arbeide for å auke motstandskrafta mot uønskte hendingar i transportsystemet ved å tilrettelegge for omlasting av gods på veg og bane

Ansvarleg: nasjonale myndigheter

Medansvarleg: Bane Nor, Innlandet fylkeskommune med fleire

Tidsperspektiv: lang

Kostnad: høg

Reiseliv og deltidsinnbyggjarar

+

S5q

Tiltak: kartlegge deltidsinnbyggaren som ressurs i lokalt beredskapsarbeid. Kva kan deltidsinnbyggaren bidra med?

Ansvarleg: destinasjonselskapa

Medansvarleg: kommunane

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5r

Tiltak: vidareutvikle og styrke eit nasjonal senter for fjellredning i Innlandet (Lom)

Ansvarleg: Nasjonalt kompetansesenter for fjellredning

Medansvarleg: Innlandet fylkeskommune med fleire

Tidsperspektiv: kort/lang

Kostnad: middels

Forsvar og sivil/militært samarbeid

+

S5s

Tiltak: vurdere/invitere HV05 som deltakar i kommunale beredskapsråd

Ansvarleg: kommunane og HV05

Medansvarleg:

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5t

Tiltak: erfaringsdeling som gir forventningsavklaringar og eit oppdatert planverk i eit totalforsvarsperspektiv*

Ansvarleg: Statsforvaltateren i Innlandet

Medansvarleg: beredskapsaktørane

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

S5u

Tiltak: kartlegge og analysere Innlandet sin kapasitet til handtering av massetilstrøyming av menneske basert på NATO sine grunnleggande krav til sivilsamfunnet i medlemslanda

Ansvarleg: Statsforvaltaren i Innlandet

Medansvarleg: relevante beredskapsaktørar

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: høg

S5v

Tiltak: Forsvarsforum Innlandet (jf sak FU 19/23) som politisk samarbeidsorgan mellom Innlandet fylkeskommune og forsvarskommunane Åmot, Elverum, Hamar, Lillehammer og Dovre. Forsvarsforum skal arbeide for å ivareta Innlandet sine interesser knytt til forsvarets aktivitet i Indre Østland

Ansvarleg: Innlandet fylkeskommune

Medansvarleg: forsvarskommunane Åmot, Elverum, Hamar, Lillehammer og Dovre.

Tidsperspektiv: kort

Kostnad: låg

Vedlegg

[Vedlegg 1: Dokument som planen bygger på \(PDF, 212 kB\)](#)

[Vedlegg 2: Kjelder \(PDF, 203 kB\)](#)